

bokselskap.no, 2015

Oskar Braaten: *Lilje Gunda og andre forteljingar*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1913 (Olaf Norlis Forlag, Kristiania).

Digitaliseringen er basert på fil fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-240-7 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-241-4 (epub), 978-82-8319-242-1 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Oskar Braaten

Lilje Gunda og andre forteljingar

bokselskap.no

Oslo 2015

[Lilje Gunda](#)

[Lirekunstnarar](#)

[Heimreisa](#)

[Gamlingar](#)

[Lilje Gunda](#)

I.

^[7]Folk riste paa hovude den dagen dei fekk høyre at han Gunnerius og ho Lilje Gunda hadde vore paa kontore hos presten og gifta seg. Ja, folk tykte rett synd i dei. Ungdomen undra seg over koss slik ei vilter og sprettall galneheie som ho Gunda kunde vera huga paa aa binde seg til denne bjørnen fraa lande, han som var so diger og tung i all si ferd, han som sjeldan opna munnen til ord og aldri til

smil, han som gjekk aaleine paa verkstaden kvar morgon og som kom aaleine fraa verkstaden kvar kveld og sjeldan hadde tid eller pengar aa ofre paa leik og moro saman med dei andre.

Og dei eldre undra seg over koss denne bra bondeguten kunde gaa slik burt i galiheita. Det laag daa utanpaa ho Gunda kva ho var for ei. Den krusa gule luggen frami panna og desse sveisande armane og dei vaggande hoftene og dei høge hælane, dei maatte daa kunne fortelja noko til den som *vilde* høyre. ^[8] Det kunde daa kje vera nok at ei gjente var ven og nydeleg aa sjaa til, at ho hadde augo som skein med vaat glans mot gutane, og at kinnene var kvite og mjuke som fløyen. Ein maatte daa kunne vente meir av ei som kjerring skulde vera. Ein lærde kje aa styre hus og passe ungar og lappe klæde paa dansesalane um laurdagsnætene eller uti portroma um kveldane, naar ein stod der og klinte med gutane. Men stakar, det visste vel ikkje *han* um, han var no kje slik at folk torde tala til han – og daa var det inga onnor raad en at han laut lære.

Ja, dei undra seg. For det hadde kome so braatt paa, dette med dei to.

Nokre hadde set dei koma i fylgje uppetter gata ein kveld. Og andre hadde raaka dei ein morgon, daa dei stod og tok avskil nedved brua. Han skulde ned til smia, ho skulde til spinnerie.

Og mor Olsen, som leigde burt kammerse til han Gunnerius, svor paa at ho hadde høyrte kneggjinga hennar Gunda innpaa rome hans ein sundag ettermiddag. Men det var det kje verdt aa tru for fast paa, for mor Olsen svor paa so mykje. Og heller ikkje var det verdt aa tru paa soga som gjekk, um at dei skulde ha raakast fyrste gongen i «Afrika» ei sundagsnatt – og at han skulde ha berga henne fraa juling av han Kristian Bylgja. For han ^[9] hadde funne henne i andre armar daa han kom fraa reis og skulde helse paa henne og gi henne det vene skrine han hadde lova henne um ho vilde vente, med' han var paa sjøen. Nei, det var kje verdt aa tru paa alt det ein høyrde. Endaa det kunde likne ho Gunda aa fara slik aat – og det var vel for ho vilde faa litt umskifte, at ho no heldt seg til den støde bondeguten. Ho hadde no elles havt so mykje aa gjera med uvyrdne fabrikkgutur og lettliga sjømenn. –

No. Same kvelden som dei hadde vore uppe hos presten, henta han Gunnerius vadsekken sin og kista si og det han elles hadde staaande i kammerse hennar mor Olsen og flutte det over i ei stor stove i fjorde tasjen i andre oppgangen. Og sidan

bar dei kommoden hennar Gunda upp i same stova. Og ho hadde endatil lampe og kaffikjel med seg. Og den kvelden lyste det gult ut fraa to vindaugo i «Dronninga» som lenge hadde vore myrke. Det var ein ny heim som var grunnlagd paa gamle tufter. Det var no mest tri maanader sidan gamle Kaisa hadde flutt ut fraa dette rome og burt til mann og baan paa Nordre gravlund. –

– Det er merkelegt korleis det kan snu seg. Karane ned paa spikarverke fortalde rare ting. Naar dei stod ute under gaslykta paa hyrne um kvelden og røykte og prata, kom [10] talen ofte inn paa denne bondeguten som hadde vorte so reint anleis i det siste. Jøss, kven skulde trutt han hadde blit slik? Han som fyrr gjekk der og skulma og saag med mistru paa alle – han hadde no sett paa seg eit andlit som skein av glede og moro. Forsyne meg stod han ikkje og song der nedpaa verkstaden um dagen, naar han slo paa ambolten. Det var han Petter som fyrst hørde det. Og han vart staaande og glana. Daa lo han Gunnerius so den kvite, sterke tanngarden hans lyste i det sotute andlite. Har du kje høyrte den fyrr? sa han. Kors eg kan mange slike eg, gut! Og det var visst han kunde mange; og han sparde ikkje paa dei. So no gjekk dei unge læregutane og herma etter han det dei hadde lært seg av songane hans, og dei stod med open munn og lydde, naar han Gunnerius tralla og song. For desse songane var nye der i garden, og det skulde vera morosamt aa faa lært dei skikkelegt. Ein kunde alltid faa bruk for dei i portane um kveldane. For gjentune var galne etter visur. –

Ja, det kan snu seg! Tenk at ho Gunda skulde bli slik! Det var nok det dei saag ein dag nedpaa spinnerie, at det var noko framandt ved ho. Men dei var kje rett visse paa kva det var, med same. Men so kom ho Gunda til aa stryke seg over panna – og so [11] hadde dei det: Det var luggen som var burte! Panna var no kvit og berr heilt upp til haargarden – og luggen var 'stroken bakover og fengsla. Eit blaatt band sat over hovude og heldt han ned til det andre haare. Og det var kje berre luggen som var fengsla – det saag ut til at ho Gunda hadde bunde noko av seg sjølv med same. Det viltre og galne hadde ho tøynt, ho vart stillare og varare og fekk ei framand ro over seg. Det var berre stundimillom den gamle villskapen braut fram att, daa kunde ho vera reint ustyrleg. Det var som det galdt aa skunde seg med' rida var der – og ho flaug og kitla gutane og gjentune og hauka og jodla – og so datt all moroa av ho med eitt, og ho strauk seg over panna og jaga burt nokre haarkrullar som hadde nytta høve til aa ta att den gamle plassen fram i

panna, i von um at fengselstida no var over. Og ho gjekk burt til maskina si og heldt seg for seg sjølv resten av eftan. Etter slike utbrot riste dei gamle spinnegjentune paa hovude. Den Gunda, den Gunda! tenkte dei. Stakars ting, det er kje greidt! Eg vilde kje vera Gunnerius for alt i verda!

Men det saag kje ut til aa vera synd korkje i ho Gunda eller han Gunnerius. Dei livde sine gode dagar i fred og ro heile vinteren og sumaren etter. Og daa hausten kom vart det ein til i stova, og no tok folk til aa ^[12]dra augo fraa dei. Pøh – her var det kje meir aa glana etter. Dette gjekk sin naturlege gang. Snart sat ho Gunda nedkuva med ein ungeflokk, og daa var det kje meir rart ved ho. For slike hadde dei set mange av fyrr. –

Men folk kunde gjerne ha halde ut aa bruke augo ei stund til. For det vart no ikkje *reint* ei kvardagssoge heller – no ei tid utetter.

II.

Ein kald novemberkveld ved ti-tida stod det to og gøymde seg i den myrkaste roa i portrome i «Dronninga». Stundimillom gløtte ein av dei litt paa porten og stakk hovude ut og stirde nedover den tome gata. Men naar dei ingenting saag som skræmde, tok dei til att med kviskringa der dei slapp.

Desse to var ho Lilje Gunda og han Kristian Bylgja.

Ho Gunda var uroleg og rædd. Velsigne dig, Kristian, gaa naa! bad ho. Tenk om han kom paa oss! Men han Kristian var roleg, jaala, sa han. Du kan da skjønne vi hører 'n. Kom hit naa, saa faar jeg prate skikkelig med dig!

Ho Gunda vaagar seg burttil ei stund att, men ho høyrer ikkje etter kva det er han kviskrar i øyro hennar, ho skvett straks fraa ^[13]han og staa der og lyder etter ein annan lyd: Tunge, trygge steg paa ei hardfrosi gate. Og han Kristian vert til slutt lei av dette, det er kje so koselegt aa staa og hutre og fryse i ein port ein kald novemberkveld. Han gaar burt til ho Gunda og klemmer henne inn i dei kraftfulle armane og kysser henne paa munnen. Ja, saa bare gaa med dig da! seier han. Men saa kommer du att imorra!

Ho smyg seg skjelvande fraa han. Bare gutten sovner, saa kommer jeg, seier ho. Jeg kan ikke mer lova. Og ho skundar seg inn gjennom det myrke gardsrome.

Men han Kristian opnar porten og smyg seg ut. Og han smiler til seg sjølv. Aa

jo! seier han. Gutten sovner nok, Lilje Gunda! Du greier det nok slik. –

Ho Gunda skundar seg upp trappene. Ho stannar litt utanfor døra. Nei, gudskjelov! Det er stilt! Ho opnar døra so vart, so vart, ho gaar paa tærne inn og let døra att etter seg. Ho gaar rett burt til senga og bøygjer seg over, og ho pustar letta daa ho ser at alt er som daa ho gjekk. Ho kastar sjale over sengestokken og snører av seg styvlane.

Straks etter høyrer ho tunge steg i trappa. Og han Gunnerius kjem inn, trygg og sæl etter hardt arbeid. Og han smiler til kona og ser burt paa den vesle og kastar seg velnøgd ned i ein knirkande stol.

[14] Det vert seint um kveldane no, seier han. Det er lang dag!

Han fell saman ei stund fyrr han orkar eta. Sit der og vert graa og rukkt av slit, men tar seg so saman og hiver i dei breie akslene. Men so tener eg pengar og, seier han. So det er inga sak aa liva likevel.

Etter slike kveldar ligg ho Gunda lenge utan svevn. Ho let dei digre labbane kjæle seg, ho ligg still og mild naar dei stryk over kinn og hals, og ho smiler aat den grove, godslege bjørnen ho har ved sida.

Og naar han tar den vesle paa den eine armen og henne paa den andre og seier at no kan dei sova trygt, for no er *han* heime, daa vaagar ho seg ei lita stund til aa tru at ho er i god hamn. Men ettersom aandedraga hans vert lengre og djupare, misser ho den sæle fredkjensla. Og naar det lid so langt at han søkk i svevnen, daa er all ro burte og ho opnar augo og let dei stire upp i myrkre. Og tankane surrar i det vesle hovude, og ho reiser seg stundimillom halvt upp paa olbogen. For det er so flokut alt saman, og det er so vandt aa finne greide i det. Fler ligg ho ved sida av den store, snilde mannen sin; ho er so glad i han, so full av takk og glede for ho eig han, og ho har den vesle engelen der, som han ligg og held so trufast paa.

[15] Men ho har kje berre dei aa tenkje paa. Det er ein annan og som ho ikkje kan bli kvitt. Ein som stannar kveld etter kveld og bed henne ikkje gløyme, ein som minner um farne gilde dagar og som pukkar paa sin rett – og som gaar fatig nedetter gata kveld etter kveld, fordi ho er hard.

Stakars Kristian Bylgja! Det er so vondt aa vera han. Og vondt aa vera henne og dessverre – fordi ho ikkje kan la vera aa bry seg litt um han. For han var den fyrste! Det er kje so endetil naar ein stakar er slik at ein har ope hjarta for mange.

Dei veit kje kor godt dei har det slike som kan vera kalde og ikkje ha rom til meir en ein. –

Men det fekk endaa gaa alt saman – berre han Gunnerius ikkje fekk vita noko. Ikkje for det: ho hadde ingenting gale gjort enno. Det at ho *tala* med han Kristian ei lita stund um kvelden skadde daa ingen. Likevel: det var best aa vera var. For han Gunnerius tok alting so tungt. Han var so lite van med slikt som andre kunde finne seg i, fordi dei tok sin mun att paa andre maatar. Han kravde mykje meir han en andre, og det hadde han lov til – for han kara alt det han evna for seg og sine og ynskte seg inga onnor glede en at dei tri skulde ha det godt.

Nei, det var gale det ho gjorde! Stakars ungen og, som skulde ligge aaleine med ho ^[16]stod nedi porten! Det fekk vera slutt med dette. Imorgo fekk ho seia klar greide til han Kristian Bylgja. Og so fekk ho halde seg der ho hørde til!

Ho la seg ned att, daa ho var komi so langt. Ho mintest ikkje daa, at tankerekkja hadde naatt hit so mange gonger fyrr. Og at den same lovnaden hadde ho gjort so mang ei natt, og brote han kvar kvelden seinare. Ho tykte berre ho hadde tat ei god avgjerdsle, og ho sovna inn med samvit som ikkje var so reint tungt likevel.

Men det kom kveldar daa det tok lengre tid fyrr ho sovna. –

Han Gunnerius var so rar ein kveld han kom heim. Han prøvde nok vera som elles, ho saag det, men det laag ein litt myrkare farge i røysta hans, og augo gjekk undan hennar. Og han rørde mest ikkje maten, smurde seg ei skive og tok ein bit, men vart so sitjande utan aa tygge.

Ho gjekk rædd og vakta paa han. Her laag noko under, det var lett aa skyne. Herre gud! Berre han ikkje visste noko! Stakars Gunnerius! – Ho tala nokre gonger til han; men han hørde ikkje, og ho tok til aa klæ av seg. Og ho klemde ungen hardt inn mot det bankande hjarta sitt. Som um *han* kunde hjelpe. – Ho hørde han tømde kaffikoppen derburte, og han drog stolen fraa borde. ^[17]Men so lenge det var fyrr han klædde av seg! Ho laag med attlatne augo, men kunde kje la vera aa gløtte litt: Der stod han stor og høg midt i rome. Tankane hans var visst langt burte, for det saag ut som um han stirde tvert gjennom veggjene. –

Gunda skunda seg og fekk augo fraa han – for ho hadde set noko som gjorde henne rædd. Denne mannen her hadde noko framandt ved seg. So rak var ikkje han Gunnerius til kvardags, og so høgt bar han ikkje hovude. Det var som han no

stod og mælte seg med ein annan, og augo var knivkvasse som um dei stirde inn i syne paa ein fiende. –

Gunda leda seg ikkje. Ho tok til aa puste tungt – det var best han trudde ho sov. For her var det visst faarlegt aa vera vaken. Ho hørde han drog klæda av seg – og ho kjende senga gav seg for den tunge kroppen. Daa gløtte ho upp og saag at lampa var sløkt, og ho vart lettare i sinn. No trong ho kje vera rædd for aa sjaa upp, og det gjorde ingenting um ho brann i kinnene. –

Daa kjende ho ei stor hand paa halsen sin, og han bøygde seg mot henne. Gunda! kviskra han. Gunda, søv du?

Ho visste kje rett koss ho skulde ta det, med same. Det var kje verdt han fekk vita ho laag vaki, daa kunde han faa sitt aa tenkje. ^[18]Ho anka seg liksom i halvsvevne og treiv etter handa hans for aa faa ho vekk. Daa kviskra han paa nytt og ho laut svara. Aa vil du? svara ho. Jeg trur næsten jeg hadde sovna.

Han heldt den vesle handa hennar i si. Har du havt framand i kveld? spurde han. Har nokon vore her med' eg var paa arbeid?

Ho skvatt i og vilde dra handa til seg, men han heldt fast. Svar meg no sant, Gunda! Du vaagar deg ikkje til aa lyge for meg!

Ho vart paa ein gong rædd og glad, der ho laag. Denne røysta vart ho rædd, for ho hørdest ut til aa koma fraa eit menneskje som var faarlegt aa koma ut for, naar det vart terga. Men samstundes vart ho trygg av spursmaale hans, for det synte at han ingenting visste. For gudskjelov og takk, ho var uskuldig i det han spurde um. Ho hadde aldri slept nokon inn. – Jeg skjønner ikke aa du mener, svara ho. Hei har 'ke vert et menneske.

Men han gav seg ikkje. Spurde uppatt og uppatt. Du maa seia sant, Gunda mi, sa han. Du maa seia sant.

Og Gunda laag lenge og svara ikkje. Men daa spursmaala ikkje slutta, hivde ho seg braatt upp paa olbogen. Og ho gløymde aa kviskre. Skam dig der du ligger, mann! beit ho. Det er fine tanker du har om kona di!

Og ho dreiv paa, til han Gunnerius forstod kor fælt han for fram, som kunde mistru ^[19]kona si soleis, og han vart spak og mjuk under dei harde orda hennar og bad vent um tilgjeving. Men ho Gunda var utan naade, ho snudde seg mot veggen daa han vilde stryke henne over kinnene og be henne ikkje vera vond. Og han

Gunnerius fekk ingen paa armen *den* natta, for ho Gunda heldt ungen hos seg sjølv.

Men den natta sov ho ikkje stort, og lovnaden fraa dei andre kveldane tok ho uppatt endaa ein gong. For no tok det til aa bli faarlegt. Etter det ho forstod, hadde han Gunnerius raaka han Kristian Bylgja straks nedi gata. Og han Kristian hadde smoge seg vekk som um han var rædd.

– Kvelden etter stod det ein og hutra og fraus og venta nedi porten. Men det kom ingen og møtte han. Og daa han smaug seg ut, banna han over koss folk skjemde burt ungane sine. For dei maatte daa vera leie naar dei ikkje kunde sova ein times tid aaleine um kvelden. –

Men det var nok ein meir en vanleg galen unge han var komen ut for. For kveld etter kveld ei heil vike stod den same mannen nedi porten og venta, utan at nokon kom ned til han.

– Han Gunnerius hadde vorte den gamle att no. Han nemnde kje den kvelden han tvila, men kom med faste steg upp trappene um kvelden og tok trygt i dørhanken. Han ^[20]visste at innanfor sat det to og venta paa han – berre, berre paa han. Og han hadde aldri sovna fastare og byrgare en han gjorde no – med dei to paa armane. Berre ender og gong var det noko som gnog litt: ei skamkjensle over at han kunde tvile. –

Men ho Gunda sov ikkje rolegare no.

Ho forstod kje dette. Ho hadde meint at alt skulde bli so greidt og klaart naar ho ikkje gjekk ned til han Kristian um kveldane. Og so vart det like gale eller kanskje verre! For no var tankane hos han dagen lang, og naar ho sov stod *han* framfor henne. Og kom det ei grov hand og strauk seg nedetter kinnene og halsen hennar naar ho hadde lagt seg, var det *hans* hand – og ho tok seg fleire gonger i at ho var nære paa aa kalle mannen sin for Kristian.

Det var stor synd dette. Ho visste det. Men ho hadde kje raad for det. Maatte einaste vera at ho endaa ein gong gjekk ned i porten og møtte han. Daa fekk ho be han for guds skuld reise til sjøs att. Ho fekk be han pent og vera svært blid og snild mot han. So gjorde han det nok, for han var daa so glad i henne. Det vilde vera fælt aa ha han paa sjøen no i hauststormane – men det var likevel mindre faarlegt det, en aa ha han i porten. –

III.

[21] Det var natteleven i «Dronninga».

Ved ellevetida skvatt folk upp or svevnen og sette seg paa olbogane kring i sengjene. Det var mest kvinnfolk, for dei var varaste. Og dei gifte av dei puffa til mennene sine og gav seg ikkje fyrr dei slutta med snorkinga og opna dei tunge augneloka. Aa i helvete er det? svor dei. Er det uraad aa faa nattefred?

Og dei kasta seg rundt og snudde baken til dei som uroa.

Men kjerringane gav seg ikkje. Dei ruska og sleit til dei fekk liv. Opp med dig, mann! skreik dei. Hører du ikke han dreper 'a? Gaa opp og hjelp! Hvert sekund er dyrt!

Og det var verkeleg sume av mennene som kom so langt at dei sat i senga. Og dei vart sitjande lenge med' dei tenkte over dette dyre sekunde. Hvem er det? murra dei. Detta maale er fremmendt. – Men kvinnfolka hadde finare øyro! Det hørest ut til aa komma fra fjerde tasjen, sa dei. Det maa vera hos 'a Lilje Gunda.

Men daa slengde karane beina upp i senga att og kasta seg bakover.

Da er det 'ke faligt, sa dei. Han Gunnerius pleier hverken vera full eller gælen.

[22] Men kvinnfolka gav seg ikkje so lett. Hører du ikke aassen han remjer? sa dei. Han bæljer som en sint stut! Gaa opp og hjelp gut – ellers dreper han baade kjerring og unge!

Men karane stod ikkje upp att no. Dei drog teppe over hovude att og la seg godt til rette. Hu skriker vel, om han gjør 'a no', sa dei. Saa lenge *hu* tier, er det 'ke faligt. Du kan vekke mig dersom hu skulde rope. En skal ikke legge sig uti det en ikke har noe med! – Og dei sovna tungt og trygt att. For dei hadde gjort som rett var og hadde godt samvit. Imorgon eller ein annan kveld kunde det vera fraa *deira* rom skrike kom – og daa vilde kje dei heller like at nokon la seg burt i det. Kvar fekk passe sitt.

– Men i trappene vart det folksamt etterkvart. Gangdørene vart opna so stilt so stilt, og kvinnfolk smaug seg ut. Nokre av dei i berre serken, men dei hadde tulla ullteppe kring seg. Andre hadde faatt paa seg understakk og sjal, men berr-beinte var dei alle, og det klaska i steintrappene der dei nakne beina skunda seg oppover mot fjerde tasjen.

Der uppe hadde det samla seg mange.

Dei stod og kviskra og hutra i myrkre. Ut gjennom nyklehole kom det ei gul strime av lys, det var alt dei saag. Men stundom var *den* burte og – naar nokon kika gjennom hole.

Det hørdest elles ut til at dei var komne ^[23] til lita nytte her, kjerringane, dessverre. Her var visst ingen som drap. Remjinga der inne gav seg litt etter litt, no kom helst stutte rop. Men det var so fælt aa høyre paa likevel, so dei hadde no *litt* att for det dei stod her. –

Og det var visst likt til det skulde hende merkelege ting her – for etter ei togn der inne sette den harde mannsrøysta i med sterk hikstegraat. Og ho som stod i nyklehole, kviskrå at no hadde han Gunnerius kasta seg paa kne paa golve og gripe ho Lilje Gunda um live, og han gret med andlite mot forklæde hennar.

Og dei slutta med kviskringa, for dette var for dyre ting aa la gaa øyro forbi. Det var kje for ofte dei hørde graat av gifte mannfolk. Og slike ord som no vart hiksta fram i det forklæde, hadde dei aldri høyrte.

Eg bed deg so vent: Ikkje ver sint, Gunda! let det. Men du maa slutte med dette! For eg er kje van med slikt!

Nei dette skyna dei ikkje, og dei trengde seg nærare og nærare mot døra for aa faa med seg alt. Daa vert døra braatt rivi upp og Lilje Gunda staar i opninga bleik og roleg med bordlampa høgt over hovude. Ho seier ingenting. Berre ser. Og det gule lyse fløymer ut over dei hutrande, halvnakne gamle kvinnfolka, og augo deira vert store og rædde, og dei forstaar so godt kva ho meiner, ho som ^[24] staar der i dørøpninga roleg og bleik og let lampelyse skjera dei i augo. Ja, dei forstaar. Og dei vik undan, skamfulle. Og dei skyv paa kvarandre med hendene so dei kan koma fort fram, og flokken velter ned over trappa, skræmd fraa sans og vit.

Men ho i døra staar der og lyser til dei er burte i svingen, ho staar der endaa lenger, so lenge ho hører dei nakne føtene klaske i steintrappa, so lenge ho hører dører blir opna. Daa gaar ho inn og let att døra. Og trappa vert liggjande myrk som fyrr. –

– – Det var ingen som hørde visur av han Gunnerius etter *den* natta. Med samanbitne tenner stod han nedi smia og slo paa ambolten. Og augo hans var kvassare en fyrr. Og bad ein eller annan ungguten um ein visestubb, fekk han oftast ikkje svar – og *hende* det at han opna munnen imot han, var det for aa bite ifraa seg med ein eid. –

Og ho Gunda luska snar gjennom gardsrome um dagen, naar ho laut til kjøpmannen. Ho stana ikkje og tala med nokon – helsa paa sneid og med augo i marka, naar ho raaka nokon. Det var nok eitkvart som tyngde.

Aaja, ho hadde sitt aa svara for. Det var kje ventande ein kunde ha mod til aa sjaa folk i augo, naar ein bar seg slik som ho gjorde. For um *ho* var flink til aa lure seg undan dei spæjande augo i alle kjøkenvindaugo, ^[25] naar ho smaug gjennom gardsrome, so var han ikkje fullt so heppen med aa løyne seg den andre – han som tok varsame steg upp trappa til ho kvar formiddag, naar han Gunnerius var i smia. –

Ikkje for det: Ho hadde det kje for godt. Det var inga moro aa faa heim ein full, galen mann kveld etter kveld. Og det var ingenting aa misunne henne aa verte slengd ut paa gangen den eine natta etter den andre og staa der og hutre og fryse i dei tunne underklæda heilt til han av si naade opna – anten fordi ungen skreik, eller fordi han sjølv var komen dit at han gret og var mjuk. For det enda *det* med støtt.

Nei, moro var det ikkje aa vera henne, men ho fekk hugse paa at det var hennar eiga skuld. Og ho kunde kje vente at folk tagde med det dei visste. Det var deira plikt aa seia fraa til mannen. So fekk dei gjera upp seg imillom. –

– Men *det* skulde dei seia til Lilje Gunda si ros: Ho bar sitt for seg sjølv. Ho skreik aldri. Og det endaa dei ofte hadde høyrte sterke klask og lyd av slag, naar mannen var galen. Og var ho utkasta, stod ho roleg og lita utanfor døra og venta til han skulde koma so langt at han opna. Ho gjekk aldri til andre og bad um hjelp. So ho var svært bra soleis. –

IV.

^[26] Det var ein kald kveld. Lilje Gunda har slengt seg ned frampaa senga i fulle klæde. Det er kje verdt aa klæ av seg enno. Det kan hende mangt fyrr dagen er slutt.

Ungen er svært roleg i kveld. Sovnar fort. Og ho dormar so smaatt, ho og. Det har vorte so seint um kveldane lenge no, so ho er trøytt. –

Ho kjem til seg sjølv att med ei kjensle av nokon stirer paa ho, og ho slaar augo upp. Det er han Gunnerius som staa framfor senga. Høg og sterk staa han

der, han ruggar ikkje, han er visst blottande ædru. Ho blir utrygg og rædd, det er noko so rart ved han i kveld, han er bleik, der ikkje sota dekkjer andlite, og eine munnvika hans hoppar upp og ned, skjelv.

Staa upp! seier han laagt. Men vekk ikkje ungen!

Ho ris or senga. Han gir seg til aa gaa att og fram. Stanar so framfor henne att: Ta paa deg paa beina!

Ho kjenner det er noko vondt som kjem, noko framandt, faarlegt. Ho prøver seia imot, men kan ikkje. Bøygjer seg ned under senga etter styvlane, og under dette faar ho ei skjelving i kroppen som ho ikkje kan stana, ^[27]kor mykje ho arbeider imot. Hendene hennarⁿ¹ hoppar, so det er uraad for henne aa faa styvlereimane gjennom hola, ho gir det upp og knyter dei i ei sløyfe bak. So retter ho seg og prøver vera roleg: Aa er det? spør ho.

Han staar der burte millom døra og henne, trøya hans er atknept over busserullen, hatten sit paa hovude. – Ta paa deg sjale! seier han. Vi skal ut!

Ho staar litt og stirer. Men ungen! spør ho. Vi kan ikke gaa fra ungen!

Han staar og tygg litt paa dei sterke tennene, so breider han munnen ut til ein smil: Han greider seg vel aaleine ei stund i kveld, som elles! seier han. Eg blir kje lenge burte! Og han opnar døra.

– Det ber nedetter. Han gaar fyre med faste steg. Det smell i den hardfrosne gata etter beina hans. Eit par steg etter gaar ho, trippande og undri. Ho har sjale over hovude og framfor andlite, berre nasa og augo er frie – og augo stivnar av rædsle naar dei har gaatt litt. Eit par gonger stanar ho, det gaar heite bylgjur gjennom kroppen hennar, ho forstaar kvar dette ber av, og ho orkar kje flytja føtene.

Men han som gaar fyre, er var. Kvar gong dei trippande stega tagnar, snur han seg og ser paa henne. Berre kom! seier han. Vi er kje framme enno!

^[28]Og ho kjem; ho veit det finst kje naade i kveld, det er kje ein full mann som har lett for taarur ho gaar i fylgje med no; han som gaar der er hard og kald og ædru. –

Dei tar av ned til brua. Endaa ein gong stanar ho, og ho ser paa han og blir staaande. Daa retter ho armane fram fraa sjale: Gunnerius! styn ho. Gunnerius, tenk paa baane!

Men han hogg mot henne: Det er eg som tenkjer paa baane! No skal han faa det godt! Kom no!

Og ho kjem. Gaar stiv og vilielaus, aukar farten til ho kjem paa sida av han og grip med eine handa um armen hans – og han kjenner han har ein skjelvande likam ved sida. Fraa brua gaar det ein bakke upp paa andre sida. Deruppe ligg ein graa murgard. Utanfor porten der stanar dei.

Daa rister kjempa den skjelvande handa vekk, og kvinna sig paa huk framfor porten. Og det snufsar og græt inni sjale. Men mannen grip um portvriaren for aa opne – men kjem kje lenger. Porten er stengd.

Han staar litt, raadvill. Gaar eitpar slag ut i gata og ser upp i vindaugo. Det lyser berre i eitpar i fjorde tasjen – ikkje i det rome han har bruk for.

So gaar han braatt inn mot porten att og legg baae dei digre nevane um vriaren – og ^[29]rister. Og det smell i dei digre portane, der dei skjelv paa hengslune. Men ingen kjem og skal opne. Og han tar nytt tak um vriaren og legg akslene til og bit saman tennene. Men daa sprett den samanfallne kroppen upp og kastar seg over armane hans og hengjer seg i der med all si tyngd: Aa gutten min, aa Gunnerius min, du maa 'ke gjøra det! Ver snild denna gangen, aa, ver snild mot mig denna gangen, for den vesle gutten vores skyld – han som ligger hjemme og venter!

Han slepper braatt og rister ho vekk. So gaar han ut i gata og lyfter handa mot eit av vindaugo: Derupp skal du! seier han, derupp til *han* skal du! Det faar bli di sak aa koma inn!

Han snur seg og vil gaa, men kjem i tankar um eitkvart og gaar tilbake og lyfter ein knytt neve upp mot augo hennar: Gud naade deg um du kjem etter, Gunda! For no gaar eg heim til ungen min! – So snur han – og han tar lange steg bakken nedetter. – Han er komen uppi gata der han bur – og no sagtnar han litt paa farta. Han har gaatt fort, stundimillom har han endaa sprunge, men likevel er det som um han ikkje er komen fort nok av stad – som um han ikkje har magta flyge undan noko han kjenner bak seg. No stanar han og vil møte det – og han ser eit kvinnfolk inntulla i sjal smyge seg mot ^[30]han, langsmed murveggjene. Han staar roleg til ho kjem nær han, daa tar han eit steg til sida, nett som ho vil smyge seg millom han og murveggen, og ho vert stengd.

Kvar skal du? spør han, han tar ho over armane og held fast. Du kjem kje

lenger denne vegen! Snu um, menneskje! Det er *der* du høyrer heime!

Og han skyv henne burtetter gata, dit ho kom fraa – og ho fylgjer roleg med eit stykke. Men so med eitt set ho beina stivt i bakken, ho riv seg laus fraa han og staar der i den tunne kjolen og ser paa den digre mannen som held paa det tome sjale utan aa forstaa. So gaar ho roleg fram mot han, ser han fast i augo med' ho prover koma framum. Vekk! byd ho. Ungen min ligger og venter! Jeg skal fram!

Han gjer mest uviljande eit steg til sida, men sansar seg so. Her var han nære paa aa tape! Sinne bryt fram i han, med baae hender grip han tak um live hennar og slengjer ho burtetter. Men ho kjem att. Ho er kje fullt so roleg som fyrr, det logar meir i augo, og kinnene er heite og raude. Vekk! seier ho paa nytt. Slepp mig fram!

Men *han* stengjer. Har lagt hendene bak paa ryggen no – vil kje slaa. Men for kvart steg ho gaar til sides, gaar han etter, gaar til ^[31]høgre og vinstre der ho prøver, staar som ein kald, roleg mur framfor henne.

Daa vert ho staaande still ein augneblink, raadlaus. So misser ho sansen, stormar fram mot den kalde veggen, slaar og spenner, klorar og riv, veit snaudt kva ho gjer, veit berre det, at i eit rom ligg det ein liten og tyrster og ventar paa henne – og at ho *maa* til han – men at ho fyrst lyt slaa seg gjennom dette som staar her og stengjer. Og ho kastar seg mot han med all si tyngd; men veggen er sterk, ruggar ikkje.

Daa bøygjer ho seg ned og faar tak i ein stein, og ho kyler han i andlite framfor seg. Og ho høyrer ein eid og ser at han tar seg til augo – og ho rømer framum. Men ho er kje langt komi, fyrr ho kjenner eit fast grip i nakken og lyt bøygje seg under tunge slag av sterke armar som fell paa rygg og bryst og hovud. Og ho sig i kne i gata og prøver ta for seg, so dei grove styvlehelane ikkje skal saare for mykje. –

So vert det braatt slutt. Ho høyrer dei harde slaga i gata av ein mann som spring. Og ho ris upp og ser etter han, og staar slik lenge. So tar ho upp sjale som ligg i gata og ruslar smaatt nedetter att.

– – Daa han Gunnerius kom heim, laag ungen og skreik. Og han laut gaa paa golve med han mest heila natta. Ut paa morgonen ^[32]tagna han litt, so han Gunnerius fekk lagt han. Men fyrr han slengde seg nedpaa sjølv, stod han og saag ut gjennom vindaugsruta eit bil. Det var elles ikkje stort aa sjaa, for isen hadde lagt

seg over mest heile glase. Men det sveiv liksom fyre han at det maatte vera hardt for den som laut vera ute ei slik natt. –

V.

Daa fabrikgjentune drog paa arbeide morgonen etter, fekk dei sjaa ein lang mann som gjekk og bar noko paa armen. Han fylgde straumen der dei andre gjekk, men fyrr han naadde brua tok han av i ei sidegate. – HøNSE-Lovisa sette store augo daa ho saag han som kom gjennom døra til «HøNsereire». Det var so sjeldan det vanka mannfolk der.

Han Gunnerius tulla ein sovande unge ut or nokre klæde og rette han mot henne som stod og undra seg. Har du rom for han? spurde han. Eg skal hente han i kveld.

HøNSE-Lovisa tok ikkje imot. Aaffer kommer ikke mora me'n? spurde ho. Er 'a sjuk?

Gunnerius var einig. Ja, ho er sjuk, sa han. Lilje-Gunda er sjuk.

HøNSE-Lovisa greip ungen og tok han inn til seg og kysste han. Og ho gjekk burt til omnen og tok ei lunka mjølkeflaske og la inn ^[33]til dei sugande, sutrande lippune. – Lite trulig at ei mor er saa sjuk, at hu ikke kan passe sin eigen unge, sa ho. Men la det vera som det er, ungen skal 'ke li vondt hos mig! Og ho la ungen i senga saman med nokre andre, og ho breidde varsamt over og stod bøygdt der ei stund. So rette ho seg upp og gjekk tett inn paa den høge, kraftfulle mannen som stod der ved døra, og augo hennar var kvasse og orda harde. Gaa! sa ho. Gaa, mann! Du narrer ikke 'a HøNSE-Lovisa! Og ho sette døra upp og let ho ikkje att fyrr ho og ungane var aaleine. –

– Men daa kvelden kom, stod han i «HøNsereire» paa nytt. Han hadde drygt ei stund for aa vera viss paa at gjentune hadde henta sine, so HøNSE-Lovisa var aaleine. Og han hadde rekna rett. Ho sat og bøtte ein stakk daa han kom. No saag ho paa han, som um det var fyrste gongen ho saag han. Aa vil du? spurde ho og reiste seg.

Han vart fjamsen. Det var ungen, sa han. Eg skulde hente den vesle. –

HøNSE-Lovisa fekk eit litt hêdande drag i det rukkute andlitate. Aa for en unge? spurde ho. Her er ingen unge! Dom jeg har havt i dag, er henta.

– Han kvakk til, vilde gaa over golve mot senga. Men Høense-Lovisa stelte seg i ^[34]vegen. Du kan tru det, naar jeg sier det, sa ho, jeg pleier ikke fara med vaas. Men han trudde ikkje. Eg var her sjølv med guten min i dag tidleg, sa han. Eg veit du har han!

Daa sette Høense-Lovisa seg med bøtinga si att. Ho sa kje eit ord. Saag ikkje upp. Men han Gunnerius stod uviss. Kasta augo burt paa senga – og burt paa henne som sat der som um ingen var til stades. So gjekk han over golve mot senga og drog teppe vekk. – – Det var stilt ei stund i «Høensereire». Ei sat og var so idug med naala, at alt anna i verda var gløymt. Og ein sat samanbøygd der burt paa sengekanten, med hovude i hendene. – –

Høense-Lovisa var den som fyrst leda seg. Ho la stakken vekk og gav seg til aa stelle til natta. Jeg skal legge mig, sa ho. Du faar se til aa komma ut.

Han spratt upp. Saag kje til sides, men gjekk rett mot døra. Men der snudde han seg. Kva tid var ho her? kom det fraa lippune hans, som no var bleike.

Høense-Lovisa reidde upp senga. I dag tidlig klokka halv sju, svara ho, men saag kje paa han.

Han opna, men blei staaande enno. Kvar drog ho? spurde han.

^[35]No snudde Høense-Lovisa seg mot han. Drog ho ikke hjem? spurde ho. Er det ikke *hjem* mora pleier gaa med ungen sin?

Han saag ned, augo vart utrygge, veike. Han tykte han var so inderleg usæl der han stod. Han hadde hug til aa kaste seg ned i stolen ved døra og graate, so fatig tykte han han var no – men der stod det gamle kvinnfolke og saag med harde augo paa han. Og det var likt til at ho las tankane hans, for ho gjekk burt og la eine handa paa armen hans og prøvde finne augo hans.

Du har det vondt naa, du Gunnerius! sa ho. Men jeg syns ikke synd paa dig. Det du lir naa, det har *hu* lidt ei hel lang natt, gutten min! Gaa naa sta og finn gjenta di og baane ditt, om du er god for det. Og ta væl vare paa dom begge heretter. –

Han hadde vore heime. Men stova var læst og myrk, som rimelegt var. Han bar daa sjølv nykelen paa seg. No dreiv han upp og ned i gatune, kvilelaus, jagande. I timevis hadde han gaatt. No tok det til aa bli seint. Det var lite folk ute. Men for kvar gong han saag eit kvinnfolk i sjal langt fyre seg eller i ei onnor gate,

skunda han seg etter. Men det var kje den han leita etter. –

Han var komen over paa andre sida, upp til ein graa murgård paa toppen av bakken som gaar upp fraa brua. Han hadde vore ^[36]her mange gonger fyrr i kveld, men det vindauga han søkte var myrkt. – Han gjekk ut i gata og glante upp. No lyste det der. Han vilde skunde seg inn og upp, men so med same slokna lyse. Daa svor han. He, he, dei var trøytt, svina! Dei laut skunde seg til sengs! Men det kan hende det skal bli ei uroleg natt!

Han tar store steg inn gardsrome og upp fyrste trappa – men so vert han staaande still. Ei dør smell att deruppe, og to kviskrande menneskje kjem trappa ned. Han finn ei ro og gjer seg smal til dei kjem framum. Det er ein mann med vaggande gang, og ei gjente med sjal over hovude. Han kjenner blode gaar fort og hardt gjennom aadrane, han kleiar i fingrane, hendene gaar saman til knyttnevar – armane lyfter seg til slag, men dei faar kje slaa enno. Han bit tennene saman og arbeider *mot* lemene sine – og vert staaande roleg til dei to er nede – ja heilt til dei er ute i garden. Men daa kan han ikkje lenger – daa lyt han etter. Og daa dei gaar uppetter gata med armane kringum einannan og hovuda paa sneid mot kvarandre, har dei ein mann lurande etter seg. Han smyg seg fram paa tærne, han hukar i knea for kvart steg, hatten har han bak i nakken og dei sterke kvite tennene bit i kvarandre, men lippune er dregne til sides ^[37]til ei hældande glising. For no er det snart *hans* tur. –

Like under ei gaslykt naar han dei att. Og han retter eine armen ut og faar tak i ein snipp av sjale. Og so rykkjer han til. Armane hans er sterke. Dei dreg til so sjale raknar, og gjenta vert snudd rundt, rundt. Men so orkar dei ikkje meir – dei vert hangande slakke og daude. For rett nok var det han Kristian Bylgja som stod framfor han. Men gjenta var ei bleik, tannlaus ei, det var ikkje ho Lilje-Gunda. – Han ser etter dei, der dei spring uppetter, vitskræmde. He, he! Dei trudde vel han var galen! – Aa ja, lat dei det. –

Han gir seg til aa gaa nedetter. Ned paa brua blir han var at han ber ein bite av eit sjal i eine handa. Han hiver det i elva. Og gaar smaatt heim. –

VI.

Same kvelden. Han Gunnerius ligg slengd tversover senga i fulle klæde. Han

søv. Han er sliten vorten av fartinga i gatune, og det er lenge sidan klokka fem i dag tidleg. Og lite sov han den natta som gjekk.

Daa gaar det varsamt i døra, og Lilje-Gunda kjem inn med den vesle paa armen.

[38] Ho ser paa han som ligg der og dreg pusten tungt gjennom gapande munn. Og ho ser paa den vesle ho ber paa armen. So slengjer ho sjale over sengestokken og bøygjer seg over senga og legg den vesle, vakne kroppen ned til den snorkande store. Og ho staar trygg og ser paa dei baae. For no er ho ikkje rædd; no vil han henne ingenting vondt. For kjære, no kom ho daa med ungen!

Det rykkjer i den store kroppen, det er som han kjenner varmen fraa den vesle har, har attmed seg. Han snur seg um paa sida og legg labben varnande over – som han plar gjera. Daa skvett han til, augo opnar seg – og med eit byks er den lange kroppen frampaa golve. Han ser paa dei baae, paa den vesle som ligg der og gnurkar, og paa henne som staar der blid og trygg som um ingenting har hendt.

Ho nikkar til han og smiler. Stakkar, hadde du sovna, seier ho. Ja, det er langt paa kveld alt. Faa av dig klæda og legg dig skikkelig naa, saa kommer jeg ogsaa!

–

Han stryk seg over panna, veit kje um han er vaken. Han minnest ei fæl natt daa han gjekk upp og ned paa golve her, minnest ein lang, lang dag daa han stod ned i smia og hamra, med' det sveid i bringa av sut og anger, og han minnest ein kveld daa han flaug galen i gatune og leita. –

[39] Og no er dei her baae, der i senga ligg den eine og sutrar og ventar paa mor si – og der staar ho, blid og ven som alltid, med friske rosur i kinnene etter kulden ute!

Ein augneblink er han nær paa aa rette armene ut og be henne kaste seg inn til han, for der er ho trygg, der kan ingen røre henne – men so stig ein framand millom dei, ein med vaggande gang og lua skeivt paa hovude, ein som flirer velnøgd kvar gong han har sigra – og han Gunnerius kjem til seg sjølv, minnest kor ofte han har lege paa kne for henne og tigga! Og han lær høgt, lær so det rolege kvinnfolke der framfor han misser tryggheita og blidheita, lær so dei raude rosune i kinnene rømer – og let ein oskegraa farge ta plassen etter seg. Og Lilje-Gunda ryggjer attende mot døra, lyfter armene upp for andlite og gaar bakover

med ein stor mann etter seg og med senesterke armar ferdige til slag over seg.

Ho prøver gripe i dørhanken, men grip i miss og dett i koll i roa, men ei onnor hand faar døra upp – og dei senesterke armane *slaar* ikkje, men lyfter den veike kvendekroppen mildt ut paa gangen og let døra att. Og er endaa til so fulle av naade at dei kastar eit sjal ut til henne som ligg der, fyrr døra vert stengd for aalvor. –

— — — — —

[40] – Hønse-Lovisa sit paa sengekanten og trøystar ei som ligg aa gruve i putune og hikstar. Saa baan! seier ho. Det retter sig nok, gjenta mi! Det fins ikke den knuten i verda, som det ikke er løysing paa! – Og ho kjem so lognt og truverdigt med dei lærdomane live har lært henne, at Lilje-Gunda til slutt kan turke augo. Men det gaar enno tungt i bryste hennar, og ho kan ikkje sjaa upp. – At det skulde gaa slik med oss! snufsar ho. Jeg tenkte ikke live skulde tat den veien. – Men Hønse-Lovisa nikkar klokt. Saa mange tusen veier har live aa gaa, gjenta mi; det vilde vera rart om det nettopp gik den veien vi tenkte. –

– Klokka fem um morgonen gaar Lilje-Gunda ut. Dei har tala mykje saman den natta, ho og Hønse-Lovisa. Og Hønse-Lovisa har vore seg sjølv lik: Ho har funne utveg, der ingen annan saag. Naar Lilje-Gunda no dreg uppetter mot Nydalen er ho ikkje so reint modlaus. For no veit ho den vegen ho har aa gaa. Berre ho no fekk arbeid!

VII.

Det er ein morgon nokre dagar seinare. Gunnerius har gaatt den vanlege vegen fraa «Dronninga» til «Hønsereire» med den vesle [41] paa armen, inntulla i ullteppe. Han har høyrte knisinga kring seg og dei rappkjefta gjentune har slengt spitord etter han, som vanleg. Men i dag har ingenting bite paa han, han har kje havt raad til aa ta augo og tankar burt fraa det han ber paa armane.

– Hønse-Lovisa ser straks at det er noko sers med han i dag. Han er stiv og stor i augo som den gjerne er, som har havt ei svevnlaus natt. Og det varer liksom so lenge fyrr han orkar gi fraa seg tullen. Men daa Hønse-Lovisa tar den vesle og faar av han teppe og breider han ned i senga, fylgjer han henne med spaning. Ho staar ei stund over ungen, som ho alltid har for vane, vert so oppmerksam og legg

handa paa den vesle panna. Snur seg so braatt mot han som staar der og ventar. Har han vert urolig i natt? spør ho. Han er litt rar i øia og heit i hode.

– Han er som ein brotsmann som staar for domaren, ser ikkje paa henne, har augo i golve. – Han vart so rar straks igaarkveld, tilstaar han, han fekk ei hosterid daa eg kom heim med han, og har hosta so han har vore nære paa aa kvamme fleire gonger i natt. Han gaar tett inn paa Hønselovisa: Trur du det er faarlegt? spør han. Velsigne deg, Lovisa, det er vel ikkje faarlegt?

Ho slengjer augo over andlite hans som snøggast. Dette er kje det trygge, rolege maale ^[42]ho er van med fraa den kanten, det ligg rædsle i røysta hans, rædsle og bøn. Ho hentar mjølkeflaska. Vi faar vente og se! seier ho. Ho prøver vera stram i andlite og gjer røysta si hard som elles, naar ho talar til han Gunnerius, men kan likevel ikkje hjelpe for at det vert ein litt mjukare tone innunder.

Og daa Gunnerius til slutt lyt avgarde, nikkar ho eit par gonger for seg sjølv. Det er 'ke greidt for dig heller! seier ho. Du tar det visst tungt. –

Klokka halv ni paa fyremiddagen stod han Gunnerius i «Hønsereire» paa nytt. Han var sveitt og andpusten, hadde sprunge svært. Dei tjuge minutta han hadde til frukostkvil, var kje dryge. Hønselovisa lyste upp daa han kom. Naa var du gild som kom! sa ho. Du faar hente dokteren. Ungen din er verre. –

– Han orka kje gaa i smia att. Daa han hadde vore paa kontore hos dokteren, sprang han tilbake til «Hønsereire» og heldt seg der og venta. Sat paa sengekanten og stirde, bøygde seg ned og lydde, fylgde kvart aandedrag av den vesle, strauk over teppe med dei store, haarrike labbane og stunde. Stundomtil tok han lange steg att og fram paa golve, med' han vreid hendene. At han ikkje kjem! jamra han. At han ikkje skundar seg og kjem! Tok i døra og vilde springe ut og hente han, men ^[43]kom til aa sjaa burt i senga og hasta dit att. Kunde kje rive seg laus.

– Det var ut paa kvelden daa dokteren kom. Han trong kje lang tida til aa sjaa kva det var i veggen. Lungebrand! sa han. Han skreiv noko paa ein setel og slengde burt paa borde. Hent dette! baud han –og stell godt med den vesle!

Gunnerius stod bak han, og den store kroppen skalv. Daa dokteren tok hatten og vilde gaa, stelte han seg i veggen for han. Ei det faarlegt? hakka han fram. Trur dokteren han staar det over?

Det blenkte i brilleglasa til dokteren, daa han let dei nærsynte augo fara granskande over denne mannen som saag so hjelpelaus og raadvill ut, endaa so diger han var. Hvem er De? spurde han. Er De faren?

Gunnerius bøygde hovude; det skulde tyde ja.

Dokteren kom med eitt i tankar um eitkvart. Men moren? spurde han. Var det ikke bedre at *hun* var her?

Gunnerius saag til sides. Kjende han hitna.

Dokteren saag paa HøNSE-Lovisa. Hvad kommer det av at moren ikke er hos barne sitt? spurde han. Han var kvass i maale.

HøNSE-Lovisa vart kje ræd: For di hu' er paa arbeid! svara ho.

Dokteren gjorde ei utolsam rørsle. Sette ^[44]so hatten paa hovude og gjekk tett inn til han Gunnerius og slo han med peikefingen i bryste for kvart orde:

Vil De at den vesle skal leve, saa maa De faa fat paa moren, hvor hun saa er, sa han aalvorlegt. Det hun har aa gi ham, er bedre end al verdens medisin. Husk paa det! – Han nikka og gjekk fort ut. –

Det vart ei lang togn etter dokteren. Gunnerius stod og stirde daudt paa den døra der han gjekk ut. Kroppen hans var halvt ihopfallen og saag mindre ut en vanleg. Og andlite var so inderleg hjelpelaust. Men HøNSE-Lovisa var roleg som elles. Gjekk der stilt paa sokkane og stulla – og dei rappe augo hennar gjekk fraa baan til far, og fraa far til baan alt i eitt.

Men til slutt vart ho lei av aa sjaa paa denne mannen som stod og gav seg over. Ho kremta hogt og fekk den harde klangen i maale. Hørte du! sa ho. Du gjør som dokteren sa!

Han rette seg upp, kom liksom attende til seg sjølv og snudde seg mot henne. Kva meiner du eg skal gjera, Lovisa? HøNSE-Lovisa peika paa døra: Du skal gaa ut der, Gunnerius! Du skal hente henne som dokteren nemnte.

Han vinka fraa seg med hendene, som um ei stor freisting velte seg inn mot han: ^[45]Nei, Lovisa! Nei, Lovisa! Eg gjer det ikkje! Aldri i verda!

Ho la handa paa armen hans: Du gjør det! sa ho lint. Han der borti senga sier du skal gjera det, Gunnerius! Og han ber dig skynte dig – ellers gaar *han* ut av «HøNsereire» i kveld, og kommer aldri tilbake!

HøNSE-Lovisa hadde set mykje av sorg. Og øyro hennar var vel vane med

graat. Men likevel var det som ho vart ille ved av den pinefulle jamringa og den skjerande sorga som braut seg fram fraa bryste paa denne mannen, der han hadde slengt seg over borde med hovude paa armene. Men ho tok seg fort saman, gjekk der roleg som fyrr og let alt gaa sin gang. Og daa Gunnerius til slutt sette paa dør, utan aa tala, utan aa snu andlite mot henne, let ho han gaa. Hefte han ikkje. –

– Gunnerius sviv i gatune, ør, vitlaus. Gatur og hus finst ikkje for han, han styrer ikkje, let beina gaa der dei vil. Han sansar seg ikkje fyrr han staar utanfor «Hønsereire» att, men daa vert han staaande. Trampar sint i fortoge og snur. Og dreg fort nedetter.

– Det er myrkt i kveld og hos han Kristian Bylgja. Men Gunnerius gir seg ikkje med det – so sant det finst folk innanfor, skal dei ut no! Og han tar trappene i lange steg og hamrar paa døra. Det rører seg ikkje innanfor. Er kje liv der.

^[46] Han gaar stilt ned att. Uti myrke gardsrome vert han staaande fortapt. Han dirrar over all kroppen etter spaningi; han hadde vore so viss paa aa finne henne her no. Hadde gruva for aa møte henne her i lag med den andre, hadde vore uviss um anten han skulde tigge eller slaa for aa faa ho med. Og so var ho der ikkje! Ho var der ikkje! Og naar ho ikkje var der, visste han ingen annan stad aa leite. Han heldt paa aa gi seg over.

Ein augneblink for den tanken gjennom hausen hans, at det var so urimeleg toskut av han aa staa her i eit myrkt gardsrom og hutre og skjelve. Det var raad aa greide seg gjennom dette paa ein annan maate, han kunde setja i med ein smellande laatt og rusle nøgd og glad burt i «Afrika» og finne trøyst i det som hadde trøysta fyrr. Men den tanken blei ikkje gamal. Ein liten feberheit, tyrstande unge som laag og sveitta i ei brei seng, jaga han paa flog. –

Han spring nedetter bakken. Daa han skal svinge rundt eit hyrne ned ved brua støyter han mot eit menneskje som kjem fraa andre sida. Han vil gaa til sides og springe vidare, men kjem so til aa sjaa kven han har fyre seg. Det er ein liten, tettbygd kar med lua paa sneid, han Kristian Bylgja. Dei staar og mæler kvarandre dei to, og nevane knyter seg. ^[47] Gunnerius kjenner ei stram lukt av brennevin fraa sjømannen, han ser kor munnen hans tøygjer seg ut i ein hændande flir, og han bøygjer seg ned over han med knyttnevane framfor augo hans, og han kvæser med samanbitne tenner: Kvar har du gjort av kjerringa mi, gut! Seier du

ikkje kvar ho er, skal eg slaa deg flat mot murveggen!

Kristian Bylgja vik bakover. Har jeg greie paa di kjerring! seier han. Har 'ke set 'a paa den dagen jeg kan minnes!

Han lyster ikkje paa slagsmaal med denne bjørnen likevel! Det er tryggast aa vike her! Og han bøygjer seg ned og vil smyge vekk under armane paa kjempa, men kjenner so eit jarngrep i bryste og vert lyft i vere so andlite hans kjem paa høgd med den andre sitt.

Du lyg! støyter Gunnerius fram. Han er drivande kvit i andlite av sinne, froden staar i munnvikane. Ho gøymer seg hos deg, svine! Men ho skal fram, skal ho, eg skal dra ho fram fraa det hole ho har gøymt seg i, um eg so skal slite ho fram lem for lem!

Han rister stakaren so lua hans driv burtetter gata, og so den lyse haarluggen dansar. Og han byrjar be for seg med ynkelegt maal. Han har kje set ho Gunda paa lenge, det har han ikkje; han har venta paa ho i portrome og passa paa i gatune, men ho hadde vorte plent burte for han, hadde ho. Det var ^[48]gudsens sanning, og anna kunde han kje faa seg til aa seia, um han vart rist so lenge det var liv i han!

Gunnerius sette han hardt ned i gata, men slepte ikkje take i bryste hans. Strauk seg over panna og tenkte seg um, var langt burte. Men daa Kristian gjorde ein braasving paa seg for aa koma laus, vakna han. Nei, vent litt, Kristian! sa han, vent litt. Han lyfte han endaa ein gong upp til seg, men no riste han ikkje, og maale hans var rolegt og spyrjande: Seier du sant, Kristian? spurde han. Velsigne deg, mann, seier du sant?

Og daa han forstod det var slik som denne stakaren hakka fram, slepte han take og snudde seg og gjekk utan eit ord. Han hørde det vart slengd ein brennande eid etter seg, men han vyrde inkje, brydde seg ikkje um smaating. Hadde so mykje anna aa bry seg med no. – Ja so, han visste kje um heime! Gud, so raadlaust alt var no! So kolande svart! Ikkje ein lysblink. Kvar kunde ho vera! Kvar kunde ho vera. Han visste ingen stad aa leite. Ho var kje heime! Og ho var kje i «Hønsereire». Og heller ikkje var ho hos han Kristian Bylgja! Han smatta liksom paa det siste og tok det upp att ein gong til. Ho var ikkje hos han Kristian Bylgja! Aa jau. Det var daa *ein* liten lysblink likevel. –

VIII.

[49] Hønse-Lovisa gjekk og bar paa den vesle, daa han kom att. Ungen ynka seg og stunde for kvart aandedrag; orka kje skrike. Bryste var for saart til det.

Gunnerius sette seg so lognt han kunde. Men Hønse-Lovisa hørde han og spurde med augo. So gjekk ho burt til han. Skal du ikke hente henne? spurde ho. Kan du orke aa se ungen din slik? Han svara ikkje. Saag i golve.

So rette Hønse-Lovisa den vesle imot han. Der! sa ho. Ta han du. Jeg skal gaa sjøl.

Han riste paa hovude. Uppgit. Nei, Lovisa! sa han. Du skal ingen stad gaa. For det nyttar ikkje!

– Ho forstod ikkje: Nytter det ikke? Nei, svara han, det nyttar ikkje. For ho er ikkje der.

Hønse-Lovisa saag paa han. Aa henne har *du* søkt etter kona di? spurde ho. Han vart litt trassug. Der ein kunde vente aa finne henne! svara han. Hos han Kristian Bylgja!

Hønse-Lovisa snudde seg fraa han og gjekk att og fram, litt fortare en fyrr. Han forstod ho var sint, men han skyna ikkje kvifor. So la ho ungen fraa seg i senga og gjekk [50] burt til han Gunnerius. Du er en tosk, far! sa ho. En stor tosk er du! Ho drog fram ein kommodeskuff og kom burt til han med ein samanlagd papirlapp. Les her Gunnerius!

Han las. Det stod berre oppskrive eit gatenamn og eit husnummer paa den lappen. Han fatta kje meininga og slengde utolsam lappen burt til henne. Kva er det for noko tøys? spurde han.

Hønse-Lovisa tok papirlappen til seg. Det er bare adressen hennes Gunda, sa ho. Men naar du ikke bryr dig om aa gaa etter henne saa –

Han spratt upp og treiv lappen fraa henne. Jøssenamn, kva seier du! ropte han, han slengde hatten paa hovude og flaug paa dør. Det var snaudt han hadde tid til aa høyre etter, daa Hønse-Lovisa gav han greide paa vegen. –

– – – – –

Lilje Gunda sat halvt avklædd paa sengekanten i det vesle rome ho hadde leigt seg inn i, uppi Nydalen. Ho var arbeidssliten og trøytt. Det tok paa aa staa paa fabrikkens heile dagen, naar ein var komen or vane med det. Og naar ein ikkje

fekk sova um nætene heller, var det reint ille.

Ho tok til aa klæ av seg. Det gjekk ikkje fort. Det vart ei lang kvil millom kvart plagg ho drog av, det var liksom ho drøymde ^[51] seg vekk, burt til noko vent og kjær, for det kom eit varmt skin i augo hennar, og dei mjuke, vene lippune bøygde seg til ein trist smil. – Men so tok ho seg saman og strauk handa over augo: Snart var vika gaatt og daa vart det løning, og daa skulde ho hente han i «Hønsereire» og ta han med hit upp. Kona der ho budde hadde lova aa passe han um dagen, og ho var snild og vitug, so der fekk han det nok godt.

– Ho kvakk i av ei hard ringing ut paa gangdøra og reiste seg og lydde. Det hadde ho for vane aa gjera kvar gong det ringde demte, endaa henne skilde det ikkje, um einkvar ringde paa denne framande døra. Ho venta ingen. –

Ho hørde dei kippande stega av kjerringa som drog seg ut for aa opne. Og ho hørde ei røyst som spurde – ei røyst som fekk henne til aa bli stiv av rædsle. Og ho treiv blusen og fekk smetta han paa seg. – Daa banka det paa.

Ho stod ved borde, prøvde ta seg saman. Kjære ho hadde daa folk kringum paa alle kantar! Det var dumt aa vera rædd. Ho saag paa døra. Kom! sa ho. Ho var toleg stød i maale. –

– Dei stod framfor kvarandre, dei to. Han Gunnerius sveitt og uppøst og utrygg. Han var uroleg og skjelven og hadde eit ^[52] vigtugt ærend, men fekk kje fram eit ord. Stod og saag i hatten, som um han hadde noko aa vera skamfull for.

Ho let augo gaa granskande over det sveitte, bleike andlite –og vart rædd. Ho var kje viss paa um han var drukken eller um det var andre ting som førde han hit. Ho stelte seg so borde kom imillom dei. Det var best aa vera var.

Han forstod. Prøvde smile, men det vart berre ei trekkjing nedover i den eine munnvika. So saag han upp for fyrste gong, saag henne fast i augo. Slengde hatten paa borde og rette ut hendene og gjekk mot henne. Gunda! sa han. Gunda, no maa du koma!

Ho rømde undan, gøymde seg i eine hyrne av rome og lyfte armane framfor andlite. Skulde verje for det som kom. Ikke slaa, Gunnerius! bad ho. Du rører mig ikke, ellers skriker jeg om hjelp!

Han stana. Det bleike andlite hans vart blodsprengt. Han opna munnen og vilde seia eit ord, men fekk det kje til. Og med bøygd nakke gjekk han mot døra.

Nei, nei! fekk han fram, daa han hadde staatt ei stund med handa paa dørhanken. Nei, nei. Eg kan kje anna vente. –

Ho burti roa vaaga sjaa paa han. Og det var noko i andlite hans no som ikkje skræmde, for ho fekk so pass mod at ho torde gaa mest ^[53]heilt burt til han.

Jøsses, aa er det i veien, Gunnerius? Jeg ser det er no gæli! Fortel mann! Skynt dig!

Og han fortalde. –

– – – – –

– Det spring to nedetter gatune. Ein høg, veldug mann fyre. Og eit lite kvinnfolk i sjal etter. Det gaar fort med mannen. Han tar lange steg og det smell i gata der han humpar. Kvinnfolke trippar med smaa steg og fiktar med armane under sjale, der ho spring. Stundimillom traar ho feil og dett i koll, men ho er straks uppe att. Flagrar vidare. Hjarta og bryste hennar gaar slik at ho lyt kneppe upp nokre knappar i bluselive, men ho kan kje gi seg. Ho lyt halde fylgje med den mannen som spring fyre – men det vert verre og verre aa greide det. Han faar større forsprang di meir ho spring. Men det faar kje hjelpe. Ho faar halde fram.

–

Daa ser ho at han Gunnerius staar stille. Han rører seg ikkje fyrr ho er paa sida av han, daa bøygjer han seg ned og grip um beina hennar. Og paa sterke armar ber han ho dit ho lengtar. –

– – Dei storma inn døra til «Hønsereire», og no var ho Lilje Gunda fyrst. Ho hivde sjale paa golve og kasta seg over senga. Og han Gunnerius stod trygg og stor og saag paa. For no var frelsa her! No fanst ikkje meir faare! ^[54]Men i senga laag den vesle og stunde i feber. Han hadde ein sterk far staaande framfor senga. Og han hadde ei mor som laag ved sida og gret og nemnde han med mange kjælenamn. Men han visste ikkje um anten far eller mor der han laag. Han kjende dei ikkje.

IX.

Fjortan dagar seinare. Kveld.

I «Hønsereire» gaar ho Hønse-Lovisa og stullar som vanleg. Og dei tri gjestene som har vore aa finne her kvar kveld i desse fjortan dagane er samla her

no og.

Lilje Gunda held paa aa tulle sjale vel um den vesle, som sit bleik og trøytt paa armen hans Gunnerius. Saa i Guds namn! seier ho. Naa faar vi gaa! Og ho tar ungen paa sine egne armar.

Hølse-Lovisa gaar burt til henne. Kysser ei av dei smaa magre hendene, til ungen. Farvel! seier ho. Takk for naa! So stryk ho lint nedover kinnene hennar Lilje Gunda. Aa tie! ser jeg dig igjen naa, gjenta mi? spør ho.

Gunda klemmer ungen fastare inn aat seg. Jeg faar haape det blir lenge til! svarar ho laagt.

Hølse-Lovisa nikkar. Faar haape det, baan, seier ho. Faar haape det, ja!

So snur ho seg braatt mot han Gunnerius som staar utolsam og ventar. Men du, Gunnerius? seier ho. Dig ser jeg vel igjen! ¹⁵⁵Han grip baae hendene hennar. Aldri! svarar han fast. Eg er glad i deg, Hølse-Lovisa, og eg takkar deg for kvar dag eg har vore her! Men eg vil be Vaarherre syte for at eg aldri faar ærend til deg oftare!

Hølse-Lovisa vrir seg laus og lyt upp i augo med forklæde-snippen. Der ser en kjærligheta! seier ho og lest vera sint. Men so blir ho aalvorleg og legg ei hand paa armen til kvar av dei to. Naa faar dere lære aa leva som skikkelige mennesker! seier ho. Saa skal jeg likevel vera fornøyd!

Gunnerius bøygjer seg ned til den vesle guten sin. *Han* skal lære oss det! seier han. Han har synt seg aa vera ein god læremeister! Er kje det sant, Gunda?

Gunda svarar ikkje. Berre nikkar. Men det er ikkje vandt aa vita kva ho meiner.

— — — — —

Morgonen etter fylgde han Gunnerius den vanlege straumen nedetter gata. Men i dag tok han ikkje av i nokor sidegate. Og ikkje hadde han anna en eit kaffispann og ei brødpakke aa bera.

– Men den dagen lærde han smedgutane ei ny vise.

I

^[59] Han Kristian Fredrik Pettersen var kje av dei som skvatt i vere for ingenting; men jamenn fòr det ei heit straale gjennom kroppen hans, der han sat no. Men han var kje av dei som gav seg for den fyrste støyten. Han hivde hovude braatt i vere, slik som han hadde for vane, og saag paa den mannen som sat der framfor han.

– Aa mener du med *det*, Copeletta? Er du rivande gælen naa?

Copeletta svara ikkje paa det. Han turka dei vaate, sur-raude augo med trøye-erma og saag ulukkeleg ut. Daarlige tider, mulla han. Daarlige tider og lite penger. Adjo, Kristian. Imorra trenger du inte komma.

Han humpa burt til kommoden og skrangla med noko der. So la han sju kroner paa borde og nikka til han Kristian Fredrik. Der, sa han. Sju dager, sju kroner, det er *det* du skal ha.

Han Kristian Fredrik stakk pengane til ^[60]seg. Og han heldt næsten paa aa gi seg med dette, men so kom han til aa kaste augo burt i roa ved omnen, der det sat ei jente med beina paa omnsplata. Og det hovde seg slik at augo hans møtte tvo andre augo, og desse augo brann imot han og blinka imot han, og dei gav han visst mod, for han Kristian Fredrik gjekk to steg mot gamlingen: Kan vi ikke prøve ei veke til? sa han. Vi har tjent mange penger denne veka.

Men gamlingen riste berre paa hovude: Inte mange penger, sa han. Lite penger, lite penger –.

Kristian Fredrik drakk i seg meir mod fraa augo i omnsroa og han blei fast i maale: Naa juger du Copeletta Fortinata! sa han. Det er andre ting i veien. Det er ikke penger du mankerer. – Du er rædd for datter di, far min!

Copeletta reiste seg. Gaa naa! sa han. Adjo Kristian!

Jeg gaar naar jeg er ferdig, sa Kristian Fredrik. Men du er dum, far, du steller dig reint bort i natta, Fortinata! La mig faa datter di, saa skal du sleppe sveive mer paa lira, gamlen! Du kunde ligge og dra dig hele dagen far, mens jeg og Esmeralda var ute og tjente penger til dig.

Det loga braatt upp i dei myrke italienaraugo. Og det gjekk eit stygt grin over det ^[61]svartskjegga, gule andlite. Du inte kan tene penger, sa han. Du inte kan spelle paa lire –.

Det siste skulde han no ikkje ha sagt. Han Kristian Fredrik kvitna av sinne og slo i borde: Hvem er det som ikke kan spille paa lire? sa han. Hvem var det som sveiva for dig den gangen du hadde gikt i armen, far min? Var det 'ke mig? Og greidde jeg det ikke fint, du? Huser du aassen pengetullene deisa ned til oss fra alle vindua, gamlen? Det var andre greier en naar *du* sveiva det, tenker jeg. Gjentene dansa paa kjøkkengolve, far! Jeg stod sjøl og saa paa det.

Men aassen speller *du*, trur du? Somme tider staar du reint og sover ved lira; men naar du da vaakner, kjører du paa slik at en skulde tru det var ei kaffikvern du sveiva paa, og at det gjaldt aa skynte sig, fordi kaffikjelen holdt paa aa koke over.

Han Kristian Fredrik kom ikkje lenger. Han saag noko som hoppa i vere og kjende ein som greip han i bryste. Og han hørde ein flaum av sterke, heite ord, men dei beit ikkje større paa han, for han kunde ikkje italiensk. Han blei staaande klumsen og tenkte ikkje paa aa ta att; han undra seg berre over at det var raad aa bruke tunga so fort i slikt eit vrient maal.

Men alt har ein ende. Og det hadde ^[62]Orda hans Copeletta òg. Han fræste nokre gonger naar det leid paa slutten. Til slutt sputta han, og daa forstod Kristian Fredrik at han var ferdig.

Gaa sta og sett dig, sa han. Saa prater vi mer om datter di!

Men Copeletta svara ikkje. Han kasta seg overende i feltsenga burtved veggen og snudde seg fraa han. Og Kristian Fredrik fekk høve til aa stela seg ein kyss fraa ein varm munn burt i omnsroa. Men han stana ikkje lenge. Ei mjuk røyst kviskra han inn i øyre og bad han gaa. Og ho kviskra meir til han, som vi ikkje treng bry oss med, det kan greide seg naar vi faar vita at han Kristian Fredrik lyste upp og sette hovude høgt, daa han gjekk ut døra.

II.

Men dagen etter var det smaatt med Copeletta. Han tok lira paa ryggen og stinta gjennom gatune med Esmeralda. Og dei spela i dei gardane dei var vane med aa faa litt, men det ikkje rart. Copeletta sveiva so fint han kunde, og den gamle haase lirekassa brukte det maale ho hadde, og ho Esmeralda slo tamburringen slik som ho alltid gjorde, men det blei smaatt stell likevel. Og

ryggen verke. ^[63] Han hadde havt det for godt no, den tida han Kristian Fredrik var med og bar. Hadde stivna til og kome or vanen.

Dei hadde vore ute i to timar, daa han laut gi seg. Og dei drog seg tagalle heim, han og Esmeralda.

Men det var merkelegt med *det*, at di meir han Copeletta surna, di blidare blei Esmeralda. Og di meir ho Esmeralda blidna, di surare blei Copeletta. Dei hadde det sværande koselegt. –

Det gjekk nokre dagar, men det gjekk skeis. Ryggen blei verre og verre, og det verste var at høgre armen stivna til att av gikta. Ikkje for det: Han kunde no sveive med vinstre, men det var so rart med det. Han fekk ikkje slik sveis i tonane med den som med høgre. –

Og ein kveld er Copeletta so modfallen og lei seg at han legg seg utan aa eta. Og han svarar ikkje naar Esmeralda talar til han. Han breider fillune over seg og vil ingenting høyre. Og Esmeralda set seg burt i omnsroa og drøymer. –

– Men Kristian Fredrik hadde eit par glade dagar. Han fann att gamle vener, og dei tok vel imot han. Sju kroner er ikkje aa putte i nasa. Og varune er billege paa *dei* kantar, so pengane varde utruleg lenge. Men ein morgon vakna han med ei underleg kjensle: ^[64] Han syntest verda var graa og kald. Han kunde kje faa dette inn i hovude sitt. I gaar kveld var all tingen so lett og morosamt. Det fanst ikkje vanskar til! – Nei dette var ei gaate utan løysing – utan meining. Kunde kje løne seg aa grunde paa ho.

– Og Kristian Fredrik stakk hendene i lumma og gav seg til aa leite etter eitkvart – og gaata blei kje so verst vrang aa løyse likevel. –

Den kvelden gjekk han og glante upp mot eit vindauga i ein svart gard i ei bakgate. Han hutra og fraus, men kom seg ikkje vekk. Han grov hendene ned i lumma og gav seg til aa blistre. Og det blei liksom ei meining i det han blistra. Det blei liksom til eit signal. –

Ein halv time seinare stod han og heldt kring eit kvinnfolk. Ho hadde ein fløytekopp i handa, men tenkte ikkje paa den. Det var større ting i hausen hennar. Ho let gjerne denne unge guten klemme og kysse – ho var av varmt blod og lika slikt. Men ho miste ikkje sans og samling likevel, ho tenkte under famntaka. –

Daa ho syntest dei kunne unne seg litt kvil, vreid ho seg laus og blei aalvorleg:

Aa har du tenkt *naa*, Kristian? spurde ho.

Han Kristian Fredrik hadde tenkt mykje rart og lagt mange planar, men han fann ingenting att no.

^[65] *Tenkt*, sa han. Jeg vilde høre aa *du* mente jeg, Esmeralda.

Esmeralda saag paa han: Aa mange penger har du igjen? spurde ho.

Han Kristian Fredrik hadde alltid halde ho Esmeralda for aa vera ei *klok* gjente, men det var kje fritt for at han tok til aa tvile litt no. Penger? sa han. Aa skulde jeg faa dom fra, Esmeralda? Jeg eier ikke to øre, jeg. Ellers hadde jeg nok ikke kommi ennaa – *tenkte* han – men han hadde daa so pass vit at han ikkje *sa* det.

Esmeralda saag i fløytekoppen: Ja, da veit jeg inga raad, sa ho. Hadde du havt penger, skulde jeg alltid finni paa en utvei. Kristian Fredrik blei fornærma: Er det for pengene du elsker mig, Esmeralda? spurde han. Ligner du ogsaa alle dom andre kvinnfolka? – Esmeralda vilde svara, men Kristian Fredrik var for snar:

Jeg trudde du som er italiener og kunstner ikke brydde dig om aa tenke bare paa pengene jeg, Esmeralda. Hadde jeg *det* trudd, var jeg ikke kommen naa i kveld. –

Han sa ikkje meir med same. Gjekk nokre steg burtetter gata, men snudde straks, daa ingen kom etter. Og daa det var svært stilt burti porten der, laut han gaa dit burt att. Det var kje verdt ho flaug upp heller. –

^[66] Og ho hadde kje gaatt. Ho stod der innmed veggen. Ho graat ikkje eingong, og Kristian Fredrik forstod at han kunde seia nokre faa ord til:

Forresten er du ingen *rekti* italiener, sa han. Mor di var norsk, og du er født i Drammen. Jeg har hørt det av folk som veit det. Saa i grunnen er det dumt av mig aa bry mig med dig. – No hørde han det snufsa, og derfor gav han seg. Der ser du, sa han. Du skulde 'ke ærte mig. –

Han hjelpte henne med aa turke taarune, og det var han svært flink til. Og dei fekk ei sæl lita stund der dei stod og svor kvarandre truskap i liv og død. –

Daa Kristian Fredrik rusla heimetter den kvelden, gjekk han og flirte. Ein gong stana han midt i gata og slo seg paa laare, og han lo godt!

Den Esmeralda, den Esmeralda! Ho kunde finne paa! Ja, gav ikkje gamlen

seg no, gav han seg aldri! He, he! Aa jau! Han maatte nok til pers!

– Og so – ja so var Esmeralda hans og pengane til gamlen attpaa, naar den tida kom. Men *det* tenkte han ikkje paa. Slettes ikkje. –

[67]

III.

Coppeletta Fortinata hadde sine faste turar. Um maandagen gjekk han i *dei* gatune – um tysdagen i *dei*. Det var best slik. Folk venta han daa og la gjerne nokre øre til sides aat han.

Elles var det meir en skralt med pengane no. Og ikkje var det vel anna aa vente heller. Fortinata var ein konservativ mann som heldt paa det gamle. Brukte dei same tonane paa lira aar etter aar. Skifte ikkje paa dei nye som var i velten. Og lirekassa hadde mist mange tonar, det var haase sukkar for kvar femte eller sjette tone, men Coppeletta hørde kje paa det. Det var daa mange tonar som var heile. –

– Ein fredags formiddag stod han og sleit seg gjennom programme sitt. Esmeralda stod ved sida og slo tamburringen. Det var snøslaps og søyle, daarleg laat i lira og ingen aa sjaa i vindaugo. Dei hadde berre det siste nummere att, fyrr dei var ferdige der i garden, og Coppeletta flutte paa knappen og tok til aa sveive. Og lira ho læt:

Jeg er en fattig gut fra puh – puh
og puh min han er tf – tf mand
og ingen tftata kan bli rik a'
de puh – tf – tf han fortjene puh huh futita
puh – puh, tf –

[68] Esmeralda drog litt paa smilen. Men Coppeletta var høgtidsam som elles. Han tok vers etter vers. Ingen skulde faa sagt at han lurde seg fraa arbeide.

Men daa den siste tonen var sløkt, og han stod og skulde slenge reima over den saare aksla, var det kje fritt for at han saag vonlaus og oppgit ut. Og han sukka tungt.

– No hende det noko. Fortinata rette ryggen. Og Esmeralda fekk heit farge i kinnene. Og dei stod og lydde baae: Fraa garden ved sida fløyndde det ut eit hav av mjuke, friske tonar. Det var ei ung lirekasse som song ut si glede over live. Det

vanta ingen tonar *der* – reine og sterke og daarande kom dei og trilla kaate og galne ut i den graa lufta.

Coppeletta stod og vera mot tonane. Han saug i seg denne laata. Det fylgde minne med ho. Minne um den tida daa han og lira hans var unge. Han strauk seg over panna og saag hjelpelaust paa dotter si. Esmeralda! sa han. Esmeralda! – So beit han tennene saman og hivde lira paa ryggen.

Han skunda seg vekk fraa den daarande laata. Gjekk fort, som um noko vondt var etter han. Og han gjekk framum mange gardar fyrr han vaaga seg inn. Men det var *ein* gard han ikkje kunde gaa framum – garden der den snilde frua budde i andre tasjen. Han hadde kje raad til aa misse den krona ho alltid [69] kasta ned til han. Han stelte seg under vindaugo hennar. Og han pinte dei haase, falske tonane ut av spele sitt. Men det gjekk traa'are og traa'are med sveivinga. Det var mest likt til at hans skjemdest over si eiga gamle lirekasse. Ein kunde mest tru han var rædd for at folk skulde høyre desse fatige tonane for vel. –

– Han kjem seg igjenom det fyrste nummere og skal til aa byne paa nummer to. Daa skvett han til. Og han blir skjelven paa handa, og han gløymer aa sveive. Og det kan han gjerne, for det er ingen som høyrrer lira hans likevel, no. Det er for sterkt maal i den som læt fraa garden ved sida. –

Ein halv time seinare har han og Esmeraida gøymt seg burt i aller inste roa paa ein kafé. Coppeletta slurpar fort i seg ein kopp kaffi. So set han seg til med hovude i handa. Lira staar paa golve. Coppeletta har augo feste paa ho, men han ser ikkje med slik vyrdnad og kjærleik paa ho no, som fyrr. Han liknar ein mann som braatt har oppdaga at kjerringa hans har vorti gamal. –

Han stikk handa i bukselumma og lyfter ein neve med skitne koparslantar upp. Det er kje mange. Snaudt ei halv krone i alt. – Han rister paa hovude og legg dei ned att. –

Daa gaar det i gatedøra, og Coppeletta [70]skvett til. Han stirer med store augo paa han som kjem inn. Han ser ikkje anna en denne trygge pluggen som slengjer av seg ei stor, fin lirekasse so lett som var det ei lita skreppe han bar paa ryggen. Nei, Coppeletta ser ikkje anna, han har ikkje auga for dotter si, som sit sprutraud og rister slik paa hendene at ho slaar kaffi i fange sitt.

Men han derburte merkar ingenting. Han faar seg kaffi og drikk velnøgd. Og naar han er ferdig med det, kveikjer han pipa. So stikk han hendene i lumma og

dreg upp ein haug med papirtullar. Og han riv papira av og let blanke sylvpengar koma fram i dagen. Naar han er ferdig med *ei* lumme, byner han paa *ei onnor*, og sylvhaugen veks.

Coppeletta sit og reknar etter – han verdset dette til minst fire-fem kroner. Det var lenge sidan *han* hadde tat inn so mykje paa ein dag. –

Mannen der burte er ferdig. Han gir seg til aa blistre og hiver lira paa ryggen. Og Coppeletta ser etter han daa han gaar.

Men han faar kje sitja lenge roleg. Den andre liremannen har svinga inn porten og tar no til med laatinga si rett utfor vindauga der Coppeletta sit. Og *han* faar det annvint, bannar til dottera som ikkje er ferdig, og skundar seg ut.

Den kvelden var ho Esmeralda lenge ute ^[71]etter fløyte. Men daa ho endeleg kom, var ho blid og straalande. Ho hadde visst faatt godt maal. – Ho gjorde seg fælt fyre med far sin, kokte kaffien sterk og smurde tjukt paa brøde. Og etterpaa gav ho seg til aa pusse og stelle med lirekassa. Han lika so godt det, gamlingen. – Men det skulde nok meir til i kveld. Det saag ikkje ut til at han blidna. Augo hans stod store mot lampa, og han leda paa lippune. Mange penger, mulla han. Mange, mange søllpenger!

Esmeralda forstod ikkje. Aa mener du, far? spurde ho.

Coppeletta saag tungsamant paa henne: Kristian Fredrik! sa han. Kristian Fredrik mange penger, mange krefter, nytt spel!

Han sat og svelgde og tenkte. Blei so sliten og trøytt i kroppen. Kjende seg so gamal. –

– Dagen etter gjekk det like eins. Han Coppeletta prøvde seg i ein gard. Straks etter laat det fraa garden ved sida. Det hende uppatt og uppatt, og Coppeletta forstod til slutt at han kunde kje røme undan. Han var seld. Han Kristian Fredrik hadde greide paa ruta, han visste dagane og gatune, han var ung og full av vondt, han var ven og sterk, og han hadde ny lire.

Coppeletta skyna at han var komen inn ^[72]i ein krig, og han tenkte etter um han hadde vaapen. Men han fann at han var verjelaus. –

Men modløysa gjekk litt etter litt over til sinne. Og han hadde berre dottera aa la sinne gaa ut over, og ho fekk kjenne det.

Det var *hennar* skuld. Ho kunde vore blid og koseleg med guten, so hadde

han ikkje slutta. Det var for *hennar* skuld han gjekk. Esmeralda prøvde orsaka seg: Du veit jeg vil bare ha en italiener, gjølte ho. Han Kristian Fredrik er ikke av vaare. –

Coppeletta trampa i golve: Ti stille gjente! sa han. Du skal lyde far din! Gutten er god nok til dig!

Esmeralda gøymde andlite: Men han kan ikke spille paa lire, sa ho.

Det var klokt sagt. Coppeletta blidna: Nei, han kan inte spille paa lire, sa han. Men han kan *lære* det, Esmeralda! Jeg kan lære han det. –

Han gjekk ikkje ut dagen etter, Coppeletta. Han var sjuk. Laag og bar seg og brukte munn. Var galen for at han skulde ha slik ei lang dotter aa fø paa, han som kunde ha nok med seg sjølv. Esmeralda tok tamburringen og baud seg til aa gaa ut og tene penger med den aaleine, men daa blei han reint styren, og tunga hans flaug lypsk paa italiensk. –

– –

[73]

IV.

Ut paa kvelden har Coppeletta snudd seg mot veggen. Han er trøytt og vil dorme litt, vil drøyme um Italia.

Daa hoppar han med eit byks or senga, han gløymer at han er sjuk, spring burt mot vindauga og støyter det upp. Og lokkande liretoner stig upp fraa garden. Coppeletta har kje tid til aa staa lenge, han riv upp døra og flyg ned trappene. Bryr seg ikkje um at han er i hoselesten.

Og Esmeralda lyder. Ho høyrer lirekassa stanar, og ho høyrer to menn som pratar høgt. Og ho høyrer steg i trappene. – Coppeletta opnar døra paa vid vegg og vinkar og fiktar.

Komma her, seier han, komma her, Kristian Fredrik!

Og Kristian Fredrik kjem. Blyg og roleg kjem han med augo i golve. Ser ikkje til den sida der ho Esmeralda er.

Coppeletta svinsar. Faar faffikjelen paa, er sint paa Esmeralda for di ho er so sein til aa finne brød og smør. Pratar i eininga, litt paa norsk og litt paa italiensk,

reint i ørska.

Men dei to seier ingenting – berre kvar gong Copeletta snur seg, flirer dei til kvarandre.

[74]– Dei er ferdige med kaffien. Kristian Fredrik tar so smaatt til aa lette paa seg. Det er best aa rusle, seier han.

Copeletta vrir seg, han har so vondt for at faa fram det han vil. Men det er inga raad med det. Det *lyt* ut: Kan du inte komma og bæra for mig i morra igjen? spør han. Kristian Fredrik smiler: Jeg orker ikke mei en *ei* lirekasse, svarar han. Copeletta leikar med klokkekjede: Trenger vi mer en ei? spør han.

Kristian Fredrik ser paa han: *Vi?* Aa mener du med det, Copeletta? Copeletta peikar paa dotter si: Naar Esmeralda slaar tamburring, og Copeletta speller, og Kristian Fredrik bærer, saa har vi nok alle, seier han. Kristian Fredrik reiser seg: Jeg bærer og speller og slaar paa tamburring *sjøl*, om det trengs, seier han.

Men du *kan* inte spelle, trassar Copeletta. Kristian Fredrik dinglar med dei pengane han har i lumma: Hør her? smiler han tergande.

Og Copeletta høyrer. Men han gir seg ikkje: Du har inte tamburring, seier han.

Kristian Fredrik flirer: I morra har jeg tamburring, Copeletta. Og, ei vakker gjente har jeg til aa slaa'n. Datter hans Jocanella blir med. Og hu er hel italiener. Hu er ikke født i Drammen. –

[75] Det brest for Copeletta. Han og Jocanella har altid trætta um gatune og dei beste gardane. – Og no skulde dotter *hans* vera med og hauste fruktene av det Copeletta har arbeidt upp i alle aara! Det er for mykje for han. Det er som ein svart vegg skyt upp framfor augo hans og stengjer for alt.

Der staar den unge guten og smiler med den nye lira paa ryggen. Ja, han kan smile no. Han har magt til det. –

Copeletta leitar etter noko som kan frelse. Prøver det eine etter det andre, men ingenting duger. Han har kje vaapen til aa slaa seg gjennom den svarte veggen. Lyt finne seg i aa snu. –

– Men Kristian Fredrik staar og skranglar med sylvpengar.

Og denne musikken glir inn i hausen hans Copeletta og hjelper han til slutt

til aa augne hol i vegg. Han har nok helst hug til aa sleppe krype gjennom det hole, men annan veg finst ikkje.

Og Copeletta dreg fram ein rusten nykkel og triv lampa paa borde. Ta den! seier han til Esmeralda. Og han legg seg paa kne og halar ei tung kasse fram fraa senga. Den opnar han.

Kom! seier han. Kom, Kristian Fredrik! Og Kristian Fredrik bøygjer seg over kassa. Han ser ei skaal full med pengar, minst 40-50 ^[76]kroner. Men han lest kje bry seg. Aa *er* det? spør han.

Copeletta ser paa han: Ser du inte mange penger, Kristian Fredrik? Mine penger!

Kristian Fredrik bles: Jocanella har fler, seier han.

Men Copeletta smiler. Vente! seier han. Vente, Kristian Fredrik!

Og han lyfter skaala og grip under. So held han ei klype pengesetlar i vere. Kristian Fredrik ser at det er mange, mange pengar, kan hende eit par hundre kroner, og han tar til aa skjelve nedetter ryggen. Men han held seg stiv: Jeg saa mange fler hos Focanella, seier han berre.

Daa kjem det ein hissig blink i augo hans Copeletta. Han set skaala fraa seg paa golve og rotar i kassa til han naar botnen. So finn han fram ei gamal skinnbok og dreg ein stor setel ut av henne. Og han lyfter setelen i vere og held han framfor augo hans Kristian Fredrik.

– Det er stilt i rome. Esmeralda held lampa, men ho skjelv paa handa so glase klirrar. Kristian Fredrik gløymer aa skrangle med sylvpengar. Han stirer med store augo. Og Copeletta staar berre og viftar smaatt med pengesetelen. Han seier ingenting, hogg berre fort med dei raudkanta augneloka, med' han ser paa Kristian Fredrik.

^[77]– Kristian Fredrik hadde venta seg mykje. Han visste det laag pengar i denne kista. Han og Esmeralda hadde ofte gissa paa kor mykje denne gamle fillekista gøymde. *Han* hadde gissa paa hundre kroner, ho hadde lova paa det var minst to. Og so var det so mykje. Femti-seksti kroner i sylv, to hundre kroner i setlar, og her vifta ein uhørveleg stor penge setel framfor nasa hans. Ein setel som det stod 500 kroner paa med store tal.

Kristian Fredrik maatte setja seg. Han løyste reimane fraa akslene – dei

klemde slik for bringa. Og han sette lira tungt fraa seg.

Coppeletta forstod at sigeren var nær. Det galdt aa ikkje sleppe take. Han gjekk burt til Esmeralda og tok ho i handa og drog ho med seg. Og han stelte seg framfor Kristian Fredrik og synte fram rikdomen sin. Og det *var* kje smaating han hadde. Esmeralda var daarande vén der ho stod no. Og setelen var stor.

Men det var visst ikkje nok likevel. Kristian Fredrik spratt ikkje upp og sa ja takk, han *tenkte* ei stund fyrr han svara. Og daa svare endeleg *kom*, var det kje stort aa bli klok av: –

Jeg skal tenke paa det til i morra, sa han. Jeg maa snakke med han Jocanella først.

Kristian Fredrik reiste seg og slengde paa seg lira. Og han var kje til aa overtala. Han gjekk.

^[78]Men Coppeletta stod fatig attende. Han slepte handa hennar Esmeralda, og la setelen paa borde. Og han fall i tankar. – Men so tok han seg saman, han fann sjale hennar Esmeralda og skauv ho mot døra: Skynte dig! sa han, springe fort etter, vera snild med han, faa han hit! – – –

– Det gjekk to burtetter gata. Fin gut med ei lire paa ryggen og ei jente med sjal. Det var kald kveld, men gjenta fraus ikkje. Sjale hang laust nedover akslene hennar, og ho saag heit ut i kinnene. Dei toka seg godt inn til kvarandre. Fniste og kviskra. Hadde det fælände morosamt.

– Burti ei onnor gate stana dei. Og guten fekk lira av ryggen: Der! sa han. Bli naa ikke lenge! –

Og gjenta tok den tunge lira og drog inn ein port. Og ho gjekk upp ei trapp og banka paa i andre tasjen. Og ho smilte til den gamle italienaren som opna. Skulde hilse fra far og si tusen takk for laane, sa ho.

Gamlingen saag paa ho. Dette var litt for tidlegt. Esmeralda hadde bede um aa faa laane den nye lira hans ei fjortan dagars tid, medan far hennar hadde si burte og fekk stelt ho i stand. – Og no kom ho alt og sa takk for laane! Han saag grundande paa henne. Men Esmeralda stirde han roleg i augo: Det ^[79]tok mindre tid en han far trudde, sa ho. Han fik si igjen i eфта. –

Kristian Fredrik venta til ho kom att. Han var kipe og glad og vilde ta ho um live. Men Esmeralda blei aalvorleg: Naa *resten*! sa ho. Og ho rette ut handa.

Kristian Fredrik forstod ikkje: Resten? sa han.

Esmeralda hadde kje tid til tøys. Ho greip i lumma hans og drog nokre papirtullar upp. Kom med alle! sa ho. Det er mange fler! Kristian Fredrik heldt paa aa bli sint: Skal du ha alle? sa han. Jeg har naa tjent noen sjøl, og! – Men Esmeralda hørde ikkje paa det. Ho reiv papirtullane upp og talde pengane. Og ho la dei i si eiga lumme.

Saa! sa ho. Resten kan du ha, men dissa skal ned i skuffen hans far igjen. Vi skal ikke snyte han, heller.

Kristian Fredrik svara ikkje. Det gjekk mange tankar gjennom hausen hans. Tankar um kor smaatenkt ei kvinne kunde vera. Han var nære paa aa snu seg.

Daa saag Esmeralda inn i augo hans. Er du sint naa? spurde ho. Ikkje svar. Daa greip ho i lumma si og rette sylvpengane mot han. Der! sa ho.

Ta pengene og gaa med dig!

Kristian Fredrik heldt paa aa ta i mot. Men han greip ikkje til med same, for skam skuld.

^[80]Og det var klokt av han.

Esmeralda la pengane ned att og tok han i armen: Naa var du snild, Kristian! For hadde du tat dissa pengene naa, saa hadde du aldri set hverken mig eller kista hans far mer, sa ho.

Og Kristian Fredrik blei glad. Gudskjelov for at han var god til aa halde seg det sekunde!

Han *saag* paa gjenta si: Du kan da veta jeg bare spøkte, sa han. Jeg vil da ikke snyte far din, Esmeralda!

Og han klemde henne hardt um live. Det fanst ikkje tanke paa pengar i hausen hans. –

Men Copeletta gjekk og verkte. Daa Esmeralda kom heim seint paa kvelden, saag han paa henne i spaning:

Aassen gik det? spurde han.

Esmeralda hengde av seg sjale: Det gik bra, svara ho.

Copeletta lest vera roleg: Kommer han i morra? spurde han. Esmeralda tok til aa klæ av seg. Ja, jeg trur det, svara ho. Jeg trur næsten han kommer i morra.

–

Heimreisa

I.

Det er paa fabriken i middagskvila. Nokre av gjentune har slengt seg ned paa golve med ein tull under hovude. Skal prøve faa seg ein lur.

Andre – nokre av dei yngste – flyg ville og kaate og leikar i gangane millom maskinune. Eller stel seg inn paa lagere til gutane. Og ein høyrer kvining og kaate skrik der innefraa.

Burtved eit av vindaugo staar ei ung gjente aaleine. Ho ser kringum seg, um nokon er i nærleiken. So opnar ho stilt glase og stikk hovude ut.

Og ho drikk i seg den friske vaarluftha. Aa nei, aa nei, for eit fint vêr det er i dag! Sola steikjer som paa ein sumardag, og himmelen er blaa og høg.

Gjenta legg hendene paa murveggen utanfor. Let dei baka seg i sol. Murveggen er so god og varm.

Der nedunder stryk Akerselva framum, ^[84]graa og skita etter fabrikkane, men idug og arbeidsfrisk. Ho har enno mangt eit tungt tak aa ta paa vegen nedetter, fyrr ho kan faa kvile. Det ligg fleire fabrikkar nedanfor. –

Dei to trea ned i «hagan» til fabrikkstyraren har faatt grøne knuppar paa dei turre greinene. Og nokre fatige grasstraa har vaaga seg upp kringved røtene.

Men det er kje berre dette gjenta ser paa. Ho ser mykje, mykje lenger.

Bilæte av ein trong dal stig fram for henne, bilæte av ei lita graa stove som ligg og bakar seg i sol. Og bilæte av ei fossande elv, litt klaarare en Akerselva, og bilæte av ein grøn skog med tre som er litt meir lubne en dei som staar dernede.

–

Ho prøver aa halde bilæte av denne stova fast. Ho prøver gaa inn der og sjaa seg kring i rome, prover aa helse paa kjære andlit og kjende ting, men det er so vranngt. Den kaate gjentelaatten der innefraa borar seg inn millom bilæta, dreg vekk stova og skogen og elva og dei grøne slettene. Og gjenta vaknar og der at ho stirer ut over skitne hustak.

Daa dreg ho glase att og gaar burt til maskina si. Klokka er visst straks to. – –

Ho gjer arbeide sitt den eftan som elles. Stanar maskina og skøyter, naar traadar ryk av. Tar dei fulle sneldune av og set dei tome paa, naar det skal gjerast. Det gaar ^[85]sin gang som det *skal* gaa. Men det er slik ei likesæle over arbeide. Ho er kje *med*. Heile hennar hug er langt burte fraa alt som heiter spinneri og bomullstraad.

Ho Lina som har maskina ved sida, gaar og ser paa gjenta. Eit par gonger kastar ho nokre ord over til ho, men faar kje svar.

Daa luskar ho Lina seg fraa maskina si og gaar burt til ho:

Aa er det i veien med dig i dag, Helga? Du er saa rar!

Men Helga svarar ikkje.

Daa legg Lina handa paa armen hennar:

Er det vaaren som er kommen paa dig, gjente? Har du *den* ria naa igjen? Bry dig ikke med aa sture, Helga! Aa har du med vaar og sol aa gjøra? Skjeller det dig enten det er sommer eller vinter? Staar du ikke trygt og godt her inne, enten saa snøen fyker gjennom gatene, eller sola steiker paa gatesteinen? Aa har du med sola? Opp med næsa di, gjente, og tenk paa no morosamt!

Men disse kloke orda bit ikkje. Ho Helga lysnar ikkje i syne. Ho snur seg berre litt og ser ned: Jeg reiser hjem att! seier ho.

Det gaar ein liten smil over andlite hen nar Lina:

Ja saa! seier ho. Gjør du det, naa! Ja, ja, ^[86]gjenta mi. Reis du. Men fort dig – før det blir for seint!

Helga ser paa henne: Aa mener du?

Ho Lina smiler ikkje lenger:

Jeg reiste hjem jeg og engang, ser du. Reiste hjem paa lande hver evige vaar. Naar dagene lysna, og lufta blei mild, og sola steig paa himmelen, da gjorde jeg mig ferdig til reisa. Og jeg reiste! Joda – tankene mine reiste. Sjøl kom jeg aldri lenger end hit paa spinnerie. Og slik vil det gaa med dig og. Du har reist hver vaar i de tre aara du har vert i byen. Du «reiste» i fjor, du «reiser» i aar. Og du kommer nok til aa «reise» neste aar, og vaaren deretter, og mange, mange ganger seinere. Men likevel blir du gaaande her. Du gror fastere og fastere for hver dag og hvert aar. Og en dag, langt, langt inn i framtida, naar mange aar er gaatt, og haare ditt er graana, *da* kan vaaren komma! *Da* reiser du ikke! He, he!

For da ser du hverken sol eller sommer! Og *da* er du berga! Helga ser kvast paa henne: Slik skal det ikke gaa med mig! seier ho. Aldri i evighet! Jeg *skal* hjem! Om no'n faa veker reiser jeg. Jeg skal leva saa billig, saa billig, jeg skal spara penger hver eneste dag. Og naar sommeren kommer for alvor, da er jeg langt vekk! – Ja, for jeg holder det ikke ut her i byen! Jeg *vil* hjem!

^[87]Ja, ja, seier ho Lina. Bare reis du, gjenta mi! Men ta naa vare paa arbeide ditt. Der nede rauk det en traad. –

II.

Det er ein fin sumarkveld eit par maanader etter. Ein gut og ei gjente dreg seg smaatt oppetter gata. Dei er sture baae – seier ingenting.

Dei gaar langt oppetter. Svingar burt fraa gata og over eit jorde. Og dei kjem til ei løkke med grønt gras og slengjer seg ned der.

Det er folksamt kringum paa alle kantar. Folk er ute og skal faa seg litt luft etter den heite dagen.

Eit stykke ifraa ligg nokre karar og spelar kort og bannar. Paa den andre sida sit ein flokk unge gjentur og staakar og kvin i fryd over live. Og fraa ein haug langt burte læt daarande tonar fraa eit trekkspel. –

Men dei to sit tagalle.

Han let augo svive nedover mot byen, mot elva og fabrikkane.

Ho har funne seg nokre blomar og sit og puslar med dei i fange. Berre ein sjeldan gong lyfter ho augo mot andlite hans. Han er so rar i kveld. Har visst noko paa hjarta. – ^[88]Tida gaar og klokka vert mange. Og gjenta vert uroleg:

Det er best aa komma sig hjem! seier ho. En blir saa trøtt om morran.

– Han dreg augo til seg: Aa, det har vel ikke slik hast! seier han. Du har da ofte vert ute seinere. –

So snur han seg mot henne og vert varm i maale:

Har du tenkt over det du veit naa, Helga?

Vil du det som jeg bad dig om?

– Ho sit og bit paa eit straa. Svarar ikkje.

Han held fram: Eller kanskje du ikke tør? Kanskje du er rædd jeg skal pine

live tur dig?

Ho ser han inn i augo, for fyrste gong i kveld: Aa, du veit godt det ikke er *det*, Edvart. Du vilde bli snild mot mig, det veit jeg! Men jeg *kan* ikke, hører du!

Han smiler beiskt. Du kan ikke, sier du' Nei, nei! Det er inga raad med det. Du har vel andre du tenker paa. Og jeg vil ikke legge mig i veien for hverken han Hurra-Nils eller han Svenske-Petter!

Han vil reise seg, men Helga held paa han: Ikke ennaa! bed ho. Du skal 'ke snakke saa stygt! Du veit jeg bryr mig ingenting om dom andre gutta. Men jeg *vil* ikke gifte mig her i byen, har jeg sagt dig. Til ^[89]vaaren reiser jeg hjem og blir hjemme. Jeg kommer aldri til byen mer, for her orker jeg ikke aa leva!

Han ser paa henne, granskande: Har du no'n som venter dig hjemme, kanskje?

Ho svarar ikkje med same. Desse orda gir henne noko aa tenkje paa. Ho leitar fram minne fraa gamle dagar. Og millom dei kjem det fram ein lyshaara gut der heime. Ein som hadde aatt tankane hennar for mange aar sidan.

Ho slepper armen ho held i: Om saa var? Staar jeg no'n til regnskap?

Han ris upp, og no er det ingen som held att: Nei, seier han, nei, det gjør du ikke. Du er din eigen herre.

Ho reiser seg, ho og, og dei ruslar nedetter same vegen dei kom.

Nedi gata stanar han:

Men, offer reiste du ikke i vaar? spør han.

Du har jo snakka om det saa lenge.

Ho vert litt fatig i røysta:

Nei, det kom saa mye i veien, seier ho. Jeg maa ha litt tid paa mig. Naa skal jeg spara penger hele aare, saa jeg faar mig litt godt med klær til vaaren. Jeg vil 'ke komma hjem naken og snau.

Han faar noko av ei von over andlite sitt:

Er det sikkert at det ikke kommer no i veien til vaaren? spør han.

^[90]Ho smiler trygt: Nei, aa skulde det vera? spør ho, undri. Jeg kan 'ke skjønne aa det skulde komma i veien, naar jeg *vil* hjem!

– Ho er fast og sterk i maale.

— — — — —

Men det kjem vinter etter sumar. Og lengslane legg seg gjerne i dvale vinterstider. Dei kan nok vakne ein sjeldan gong, so mykje at dei faar gjort det litt urolegt i blode, men dei sovnar straks att. Trivst ikkje i kulden. – Vinterkveldane vart ofte lange for ho Helga. Og det vesle kammerse vart trongt. Ho laut ut og sjaa folk. –

Den vinteren var ho mykje saman med han Edvart. Og dei hadde det hyggjelegt og morosamt. Han Edvart var ein truverdig, bra kar, og ho heldt mykje av han. Sovna med han i tankane um kvelden og var glad ved tanken paa han um morgonen. For det er no gjerne slik: Nokon lyt ein ha aa tenkje paa. Men daa det leid ei tid over jol, vart det mindre med gleda. Og ho Helga miste dei friske rosune som hadde blømt paa kinnene trass i fabrikluft og nattevaak.

Og daa det leid ut paa vaaren, og hugen tok til aa fara langt oppetter lande, hende det ofte at ho vart liggjande vaki dei lange nætene igjenom i stor vonløyse.

Ho Lina fylgde henne med augo um dagen paa fabrikken. Og ein ettermiddag daa ^[91]ho Helga ikkje hadde vore aa faa svar av' kom ho burt til henne: Du skal vel straks reise naa? spurde ho.

Helga bytte inn ei ny snelde: Reise? spurde ho. Kjære dig, du ser vel aassen det er med mig, Lina! Jeg kan 'ke komma hjem *slik*. Jeg faar da vente til litt lenger frampaa. Det haster ikke saan. Sommeren er lang. –

Daa snudde ho Lina seg burt og smilte. –

– Den hausten vart dei gifte ho Helga og han Edvart.

III.

Aara gaar.

Ho Helga og han Edvart slit seg igjenom. Det er strævalt nok mang ein gong, men dei held saman og dreg ihop, og daa orkar ein mykje. –

Ho Helga heldt seg heime fraa fabrikken dei fyrste aara etter ho vart gift. Men daa den eldste dottera voks so pass til at ho kunde ta seg av smaasyskena sine, bynte ho paa att.

Dei tente kje so reint verst med pengar no, ho og mannen. Dei hadde faatt litt

av kvart i huse, og var kje so reint innpaa for klæde. –

Men ho Helga hadde enno ikkje lært aa ^[92]finne seg til ro i byen. Ho hadde si rid kvar einaste vaar. Og naar det stod paa, vart ho lei baade mann og ungar og fabrikk, og gjekk for seg sjølv og sturde. Og han Edvart laut ofte ta hardt i, fyrr han fek ho til aa bruke vite.

Ein vaar var rida endaa hardare en elles, og varde lenger.

Han Edvart gjorde seg baade sint og blid, utan at det hjelpte. Til slutt let han henne gaa der for seg sjølv, med' han tenkte paa raad. Og daa han hadde tenkt nokre dagar, fann han utveg.

Ho *skulde* faa reise heimatt, dit ho lengta so saart, og der alt var so gildt. Men aaleine skulde ho ikkje faa fara. Han og ho og ungene, alle saman skulde dei dra dit upp til heimbygda hennar. Dei skulde gaa paa fabrikk baae og arbeide so hardt dei orka. So skulde dei kje kjøpe meir til huse heretter, men berre spara, spara. Kvar vike skulde dei setja nokre kroner i banken, vera so smaanøgde med mat og drykk som berre raad var. Og naar dei so um nokre faa aar hadde faatt spinka ihop nokre hundre, skulde dei reise dit ho lengta og faa seg ein liten jord' lapp der.

– Han laag og la fram denne planen for henne ein kveld etter at ungene hadde sovna. Og ho Helga hørde paa med open munn. Han Edvart var so varm og ven i maale i ^[93]kveld, og so drøymande i augo. Og det var so vel gjennomtenkt alt det han sa, og det kom so greidt og beintfram, at ho kjende seg inderleg sæl og trygg. Og daa han til slutt strauk henne nedover kinna og spurde um ho ikkje trudde *det* skulde gaa, svara ho med tjukt maal: Du kan da skjønne det gaar, Edvart! Aa skulde vera i veien for det? – Og ho leita under teppe etter handa hans: Du faar ha takk da, Edvart! sa ho. Tusen takk, gutten min!

– – Men ein dag straks etter ligg han Edvart sjuk. Han har hosta i mange aar og vore bleik og kraftlaus. Det er berre det evige jage og slite som har halde han uppe. Men no ligg han der. Minkar for kvar dag. Og ein dag seier doktoren at han kjem ikkje upp att.

Det tar svært paa han, og mode fraa fyrr rømer.

– Ein kveld sit Helga framfor senga hans. Han er tagall i kveld. Ligg og grundar paa eitkvart. Og han ser langt paa kona si. – Aa, herregud! sukker han.

Ho bøygjer seg over han og trøyster. Du maa 'ke ta det *slik*, seier ho. Det *blir*

nok ei raad. Vi faar setta alt i Guds hand.

Han hostar. Det er 'ke faligt med *mig*, seier han. Og augo blir so uendeleg vonlause: Men du og ungene, Helga? Aa skal det bli av dere?

[94] – Ho har ingenting aa svara til dette paa ei stund. Veit 'kje aa finne ord med meining i. Leitar etter tankar som har git von tidlegare. Men det er lenge fyrr ho finn. Det er mest myrke, tunge tankar aa faa tak i, i dag.

Daa høyrer ho ein sukk fraa senga, og hugsar seg. Og ho gjer seg trygg og vonfull og smiler til mannen sin: Kjære dig, Fdvert! Det er da inga sak for oss. Blir det inga anna raad, saa tar jeg baana med mig og reiser hjem, jeg. Der har jeg jo mange kjenninger, og vi faar nok den hjelpa vi trenger. Her i byn orker jeg nok ikke leva likevel, heretter. –

Ho tykte det gjekk noko som likna ein saar smil over det bleike andlite. Men ho var kje viss paa det. –

IV.

Det har gaatt mange aar sidan han Edvert vart lagd i jorda. Mange leie aar.

Ho Helga arbeider enno paa spinnerie.

Det er stort umskifte der no. Nye maskinur og nye folk. Naar dei gamle maskinune var uttente, vart dei borne ut og sundslegne og selt til skrap. Og folka vart sende til ei stor grøn slette nørdest i byen og vart gravne ned der. –

[95] Den vegen har det longe gaatt med ho Lina. Dottera staar no ved maskina etter mor si. –

Ho Helga har vorte litt bøygd over nakken paa det siste. Og haare har graana sterkt. For det er so mykje leit aa gaa igjenom her i denne byrdefulle verda. Ein etter ein av ungene hennar har falle fraa. Det er bryste som har vore kleint. Berre den eldste dottera liver att. Ho gaar paa spinnerie saman med mora.

Ein vaarkveld sit Helga og dottera saman i stova. Det har vore ein fin dag i dag med varsl um sumar.

Etter eit bil seier Helga:

Jeg kommer til aa tenke paa no', gjenta mi. Naa har vi sliti her i saa mange aar uten stans. Vi kan ha godt av aa faa litt fri. Jeg har ofte tenkt aa ta mig en tur

til hjembygda mi og helse paa gamle kjenninger. Men det har alltid kommi no' i veien. Skal ikke du og jeg ta den turen i sommer? Vi kan ha godt av det begge to.

– Dottera snur seg. Vil kje mora skal sjaa at ho smiler. Og Helga ser ingenting. Driv berre paa:

Du kan ha moro av aa se aassen det ser ut paa lande, du og – du som aldri har vert utenfor byen. Det er anna til liv der, du! Du skal nok faa se forskjjel. Jøss, jeg kan ikke faa inn i hue mitt aassen folk kan leva ^[96]aarevis her i denna elendige byen, jeg. *Jeg* kunde aldri venne mig til det! –

No dreg dottera paa smilen og gløymer aa snu seg. Og no ser ho Helga det. Og ho stirer hjelpelaus paa dotter si. So dreg ho handa over panna: Aa ja, aa ja, san!

Jeg prater jeg! Herregud! Men so reiser ho seg halvt upp i stolen og faar magt i maale:

Ja, ja, le du, gjenta mi! Jeg reiser naa lel, jeg! Og vil ikke du vera med, kan jeg reise aaleine! Jeg har reist veien før jeg, saa jeg er 'ke rædd. Du skal 'ke gjøra nar av mig, for jeg juger ikke. Det skal 'ke komma grønt paa trea heller, før jeg reiser! Naa veit du det!

– – – – –

– – Ho Helga laug ikkje.

Denne vaaren reiste ho.

Sant nok: Det gjekk kje so svært langt.

Ho fór kje paa blanke skjenur oppover lande.

Nei. Det gjekk smaatt og rolegt gjennom gatune.

Ho enda ikkje i ein fager dal med klaar elv og grøne bjørkeskogar. Men det var daa *noko* som likna, likevel. For det var kje so svært langt til elv dit ho kom heller. Akerselva gjekk nokso nære. Og det veks daa nokre bjørketre paa Nordre gravlund og. –

Gamlingar

I.

[99] Det var ein dag midt paa heitaste sumanren ho kom til «Roligheita». Han «Knut med knea» kom dragande med kommoden hennar paa ei kjerre, og sjølv gjekk ho bak og skauv paa.

Ho bar seg paa ein underleg maate, heilt fraa fyrste dagen. Gjekk ikkje kringum og helsa paa dei ho skulde dele rom med for resten av live, nei ho spurde berre etter senga si, og daa ho fekk greide paa den, pusla ho like burt og la seg, endaa det var lyse dagen. Og ho breidde teppe over hovude, so ingen saag so mykje som snøggen av ho heile eftan. Ein berre hørde ei døyvd snufsing under overbreidsla. –

Ho gamle Stina i senga ved sida laag og stirde paa dette sengeteppe. Og ho tok til aa leda paa dei tannlause gummane: Den jaala! mimra ho. Den unge jaala! Graate for aa komma hit, her en har alt det en trenger, baade seng og – – seng og – – seng!

[100] – Ho skulde nemnt meir, men fann kje ord, og det var so brysammt aa leite etter dei. Naar ein er nitti aar og sengliggjande gjer forresten alle orda mest same nytta. –

Utetter eftan gjorde fleire av dei andre gamle kvinnfolka seg ærend burt til senga, der dette nye menneskje hadde lagt seg. Og dei nikka til kvarandre og kviskra seg imillom og gjekk ut i matrome, der dei sette seg til aa prate um den nye kammeraten, med' dei naut eftaskaffien.

Det var ingen som visste kva ho var for ei. Men ho hadde kje gaatt paa fabrikkane hernede, det forstod dei alle. Truleg var ho uppe fraa Nydalen. Dette kunde ein kan hende faa greide paa av han Knut med knea, var so ein vilde bry seg med aa spyrje. Men den vrangfanten var kje alltid god aa faa greide paa. Han svara vel berre burt i veggjene vrient han, som vanen hans var. –

Ut paa kvelden kom kjøkengjenta inn med ein graut-tallerk og sette paa borde hos den nye. Og ho riste i teppe: Du maa eta naa! sa ho. Du faar se aa faa i dig litt mat!

Det var kje svar aa faa.

Men gjenta var av eit hastigt sinn og ho slengde teppe til sides: Det var det jeg visste at du ikke sov! sa ho. Et naa opp grauten din fort, saa jeg faar vaska opp!

Og ho gjekk ut i kjøkene att.

[101]— Ho i senga reiste seg paa olbogen og saag seg ikring. Ho var i ei stor stove. Tri jarnsengjer stod ved kvar av langveggjene. Dei var tome alle. Berre i senga ved sida laag det eit gult rukkut andlit paa den kvite puta. Men augo var attlatne. Menneskje sov visst.

— Ho tok eit par skeier graut; men tugga voks i munnen, og ho la skeia vekk. Sette seg so til aa stire tomt framfor seg. Men so var det noko som kom henne i minne, for ho bykste or senga og slengde paa seg ein stakk og skunda seg over golve mot døra. Men der støytt ho like paa kjøkengjenta som skulde inn att etter det tomme kjeralde: Jøss, er du oppe? spurde ho. Aa skal du hen? Gamla vilde framum: Jeg vil ha kommoden min! sa ho. Dom har tat kommoden min, pakke! Jeg vil ha 'n igjen, hører du!

Gjenta smilte: Ta det med ro! sa ho Kom her! Ho gjekk fyre gjennom eit rom, der det sat ein fire, fem gamle og kviskra og glodde, og dei kom ut paa ein gang. Er det ikke denna? sa gjenta.

Det stod fleire kommodar i ei rekkje inntil veggen. Dei var gamle og morkne, alle. Lengst inne stod hennar. Det var den styggaste av dei. Men gamla skunda seg burt til han og let hendene gli vart burtetter plata og nedetter sidune. Det var som ho kjælte [102] ein kjær ven. Ho prøvde dra ut skuffene, men dei var godt læste. Daa nikka ho nøgd: Jo, denna er min! sa ho. Denna herre er min! Gudskjelov at ingen har tat n!

Og ho saag litt byrgare ut daa ho rusla inn att til senga si. —

II.

Klokka er tolv um natta. Den store stova ligg i halvmyrker. Fraa sengjene kjem det rolege, støde aandedrag. Alle søv.

Nei ikkje alle. Ho fraa i eфта vaker. Ho hadde dorma litt fyrst paa kvelden; men daa dei andre kom inn og vilde leggje seg, vakna ho. Men ho lest sova, so ingen skulde tala til ho. Ho hadde kjent koss dei bøygde seg over henne og granska, ho hadde faatt dei kaffiluktande aandedraga deira over andlite, men ho hadde halde seg roleg. Og dei hadde git seg med kviskringa og krope i seng og sovna.

– Men ho sovna ikkje.

No ligg ho og lyder og stirer ut i graalvse. Naar det kjem ei stynjing fraa dei andre sengjene, eller naar noko snur seg i svevne, let ho att augo. Men ho forstaar snart at her finst ingen faare. Og ho staar stilt upp. Ho ^[103]gaar paa berre føter burt til vindauga og gløtter litt paa gardina.

Det byner aa regne so smaatt ute. Den graa molda i gata faar svarte flekkjer, og ho høyrer ei mild susing i nattelufta. Paa andre sida av gata staar eit stort tre med tungt lauv. Greinene rekk langt utover fortoge, og under dei er molda graa og turr.

Kvinnfolke staar lenge og ser ut i natteregne.

Men til slutt blir det for kaldt, det isar i beina, og ho kulsar nedetter ryggen. Ho lyt, tilbake til senga. Men ho legg seg ikkje. Set seg berre paa sengekanten og lyfter føtene fraa golve. Sit der hommande still og lyder.

Men ingenting rører seg, og ho blir trygg og modig. Og ho hiver paa seg klæda og stel seg ut.

Ingen vaknar. Ho smyg seg tjuvstilt gjennom dørene og kjem ut i garden. Og ho blir lett av glede daa ho kjenner at porten er open og at ingenting stengjer millom henne og den frie verda.

Gata ligg still og sovande. Gamla staar litt og grundar paa kva for ei leid ho skal røme. Det var visst *der* ho kom. Eller kanskje det var *der*. Ho fekk prøve nedetter der, so fekk ho heller snu, um det bar gale av stad.

Og ho gaar.

Det ber nedetter mot brua. Ho legg i veg ^[104]det ho orkar, men det gaar kje so fort. Beina er noko støle etter den lange gonga i eфта, og ho er litt lemster i kroppen. Til dette kjem at regne no fell stridare, so ho blir gjennomblaut. Ho hadde kje git seg stunder til aa hente sjale i kommoden daa ho gjekk. Men det er bra ho ingen møter, so kan ho ha stakken over hovude. Fann ho no berre rette vegen, skulde det nok gaa.

Ned paa brua blir ho staaande uviss. Herifraa gaar to vegar uppetter, og ho kjenner ingen av dei. Den *der* ser no elles ut til aa ha rette leida, men han ser so bakkut ut. Best aa puste litt, fyrr ein byner paa den. –

Ho gøymer hovude vel inni stakken, og det tar av litt for den verste blaasten,

men for regne hjelper det ikkje stort. Haare ligg blautt og klissut ned i panna hennar, og regndropane silar nedetter kinner og hals. Dei magre beina skjelv, for det bles tvert igjennom den tunne understakken som no skal varme dei.

Ho skal til aa gaa att. Daa ser ho ein mann kjem gaaande uppi bakken, og ho stanar tvilraadig. Ho slengjer fyrst stakken ned fraa hovude, men daa mannen kjem nærare, tullar ho seg inn att so heile andlite gøymest. Og ho ventar i spaning.

Mannen har nok litt i skolten, for han er noko ustød paa føtene: Og ho høyrer ei haas brumming som skal vera song.

^[105] Han har kje set henne enno, dei stive augo hans stirer store rett fram, og han smiler ein gong imillom, naar han har vore *svært* morosam, og han hukar velnøgd i knea. –

Men daa han er komen heilt burt til ho som staar der og prøver gøyme seg, tar han lua av og helsar djupt: God kveld, mor! gjøler han. Har De 'ke lagt Dere ennaa?

Ho svarar ikkje

Ja, for det har ringt i kjerka for lenge siden, driv han paa. Pass dig, saa ikke polti tar dig, ungen!^[12]

Han lær godt av dette og blir kaut og uvyrden. Og han kliner seg inn paa kvinnfolke og riv stakken av hovude hennar. Ho har kje git ein lyd fraa seg til dessar. Men no nester ho hendene mot den fulle gamlingen: Aa herregud, la mig gaa! tiggar ho. Vis mig den veien jeg kom i efta!

– Han slepper henne og gir seg til aa storlæ, med' han slaar seg paa dei vaate knea, so det klaskar: Nei, naa har jeg aldri i mine skapte levedager set paa makan! kneggjar han. Har du rømt, he? Har du rømt fra «Roligheta»?

Ho snur seg hit og dit, rædd for at folk skal vera i nærleiken og høyre kva denne ^[106]galningen staar og skravlar um. Og ho triv han i armen for aa faa han til aa tegja, og daa han til slutt lyt gjera ein liten stans, nyttar ho høve til aa kile inn eit par ord: Jeg vil hjematt! kviskrar ho. Jeg vil 'ke vera derborte!

Han Knut med knea knisar litt enno. So tar han seg eit skraa og tygg idugt utan aa seia meir. Og det ser ut til at tobakken hjelper han til aa faa klaarna tankane. Han *lær* ikkje lenger, men kleier seg i hovude og sputtar. Um ei stund

veit han kva gjerast skal, han tar kring det vaate, skjelvande kvinnfolke og vil dra ho med seg:

Kom naa! kommanderar han. Bli med mig! Ho gjer seg sta, vil kje flytte seg: Jeg vil hjematt! klagar ho. Jeg vil hjematt til kammerse mitt!

Han dreg henne nokre steg med seg: Du tøyser! svarar han. Har *du* no' kammers? Ho nyttar eit høve til aa slite seg laus, og ho steller seg framfor han Knut. Har jeg 'ke butt i mitt eige kammers? Har jeg 'ke betalt sju kroner maanten for det i alle aar?

Han blir utolsam: Men portneren tok jo nøklen i efta, da jeg henta dig! seier han. Har du glømt det, gamla?

– Ho hadde vakse litt der ho stod og tala um kammerse sitt. Men no seig ho saman att: Det er sant, mullar ho. Han tok nøklen, portneren! Herregud, ja! ^[107] Knut med knea tar tak kring armen hennar og dreg ho med seg. Og no er det kje lenger nokor kraft i motstande hennar; ho let seg føre.

Knut med knea er glad over fangsta si, han smaasyng og gjøler og er mykje til kar. Men ettersom dei nærmar seg «Roligheta», vert han spakare; ja stundimillom er det *han* som sagtnar farten. Han har visseleg noko paa hjarta som maa ha luft, fyrr dei kjem til det vesle huse deruppe i gata.

Under ei gaslykt stanar han og slepper take i ho: Aa vil du si om dom kommer paa dig naa? spør han. Har du tenkt ut noe?

Ho svarar ikkje, og han driv paa: Ja, for du veit at faar dom greie paa at du vilde rømme, tar dom baade dig og kommoden din og hiver paa gata! Aa skal du gjøra av dig *da*, trur du?

Ho har enno ikkje svar. Ho tar berre uppatt for seg sjølv det han seier fyre: Aa skal du da gjøra av dig? – Og paa det spursmaale veit ho ingenting aa svara.

Men Knut med knea har meir paa hjarta: I grunnen er jeg *pliktig* til aa melde dig, seier han. Jeg er jo portner og skal passe paa dere gamle gælningene. Jeg har 'ke lov til anna.

– Ho opnar ikkje munnen til svar no heller, staar berre og hutrar og skjelv i natteregne. ^[108] Og han Knut lyt halde fram aaleine: Men om du *vil* saa kan jeg vel alltid hjelpe dig, seier han. Jeg er 'ke god til aa vera hardhjerta jeg, skal jeg si dig! Men da maa du lova aa gjøra som jeg sier!

Ho lovar ingenting, men han køyrer paa: Du maa si du skulde ut og at du gik gæli og kom ut paa gata, og at jeg, som stod utenfor porten og røykte, fikk tak i dig og hjalp dig inn att, seier han. Skjønner du det, gamla? Du maa 'ke nemne at du treffe mig borti bakken der, og at porten var open. – Ho skynar nok det, for ho nikkar. Og dei dreg seg varsamt opp til «Roligheta», som ligg myrk og sovande.

Men det er ingen som har sakna dei. Han Knut luskar paa tærne opp dei knirkande trappene til rome sitt i andre tasjen. Og kvinnfolke famlar seg gjennom den myrke gangen til *sitt* rom. Og fem minuttar seinare snufsar det under teppe i ei av sengjene, nett som i eфта. –

III.

Det var kome noko nytt inn i «Roligheta» med dette kvinnfolke. I fyrsten gjorde ho ikkje stort av seg, laag mest heile dagen og sturde, og naar ho *var* uppe, heldt ho seg for seg sjølv og var kje til aa faa ord av. ^[109] Men ein morgon var alt tunglynde blaase av ho.

Ho spratt or senga klokka seks um morgonen og drog ut i kjøkene og fekk kaffikjelen paa, lenge fyrr nokon av dei andre vakna. Og daa dei litt seinare slo augo upp, stod det ein rykande kaffikopp paa borde framfor kvar seng.

Men det som undra dei meir en kaffien, var ho som stod burtved døra der. Jøss, ho var blank i andlite etter saape, og dei fatige haartufsune var fletta saman i nakken. Og ho hadde kvitt forklæ paa seg, og reint kjoleliv. Ho saag innover salen: Versgod drikk kaffi naa! baud ho. De faar ta'n mens han er varm!

– Ho gjekk burt til ho gamle Stina og sette seg paa sengekanten og slo kaffi paa skaala hennar og bles paa han og gav henne drikke. Og den turre, tannlause munnen saug og naut. –

Og i dei andre sengjene reiste dei seg paa olbogane og greip graadugt etter kaffikoppene med ristande hender og slurpa den gloheite gudedrykken. Og tunga losna etterkvart. Daa kjøkengjenta klokka sju kom ned og skulde setja paa kaffien, fann ho kvinnfolka i fulle klæde alt. Og dei var i fælände godlag, for dei lo og var høgsmelte. Og det merkelegaste var at ho nye, som det ^[110] fyrr ikkje hadde vore raad aa faa ord av, ho var no den blidaste av dei alle. Det er dumt aa gaa og

sørje! sa ho. Det er 'ke verdt aa gi sig over! Det kan komma vann i en tom brønn ennaa en gang. –

Det vart koselegt i «Roligheta» nokre dagar no. Den nye hadde tina reint upp og sat gjerne og fortalde um live utanfor desse fire veggjene. Og dei andre saug i seg kvart orde. Det var sjeldan dei hørde nytt. Og sogune deira eigne *var* no for gamle og slitne, kor mykje dei no vart paapynta og umdikta gjennom aara. –

Men det skulde kje vara lenge slik. Ein dag like etter middagen, daa dei andre laag og blunda, gjekk den nye ut. Ho sat fyrst lenge og sola seg ut paa steintrappa, men daa ho hørde folk i vedskjule, rusla ho dit.

Der sat han Knut med knea og hogg ved.

Gaa vekk fra døra! skreik han mot henne som stod og stengde for lyse. Men daa han saag kven det var, nikka han blidt: Er det den madamen, smilte han. Ja, du kan faa staa! Jeg trudde det var ei av dom andre trollkjerringene, jeg!

Han hogg øksa i stabben: Du skal passe dig for dom! sa han. Dom er falige, svina! Kan aldri la en stakkar vera i fred. Men ho var kje einig i det: Dom er [111]snilde mot mig! svara ho. Gjør aldri mig no vondt. –

Han kløyvde vedkubbane so flisa spratt, og togg hardt paa tobakken: Aa hetter du? sa han braatt. Jeg har 'ke hørt namne ditt, trur jeg.

Ho smilte: Jeg hetter Martina, svara ho. Martina Larsen!

Knut med knea peika paa ein kubbe. Set dig, saa faar jeg prate litt med dig, Martina! Jeg liker dig! Det er synd du skal bu sammen med dom andre.

Ho venta litt fyrr ho sette seg: Ser det 'ke rart ut? spurde ho. Det er visst best jeg staa her. – Men ho fann seg daa ein plass likevel. Forresten er vi naa voksne mennesker, sa ho. Saa det skulde 'ke gjøra no. – Han Knut var samd i dette. Voksne er vi, sa han. Men vi er 'ke for gamle heller! Jeg er 'ke søtti før til høsten, fortalde han. Og eldre er vel ikke du heller?

Nei, ho var kje det. Var søtti her i vaares.

Der ser du! sa han. Dom er over aatti alle derinne – og en tomme paa ei lang nese gjør mye den, Martina! Han hogg idugt ei stund att, med' Martina sat og saag paa hendene hans. Han hadde visst vore sjømann fyrr i tida, saag det ut til. Han var pynta med mykje stas paa handbakane, baade hjarta og kross og ankar og hender som greip i kvarandre [112] og «din for evig» i eit blaatt band over. Han

hadde nok set meir av verda en dette vesle vedskjule, han!

Han la merke til kva ho saag paa: Jeg har mye mer paa kroppen! kytte han. Men det faar aldri no'n se! Han sat med øksa i handa og stirde lenge paa ho Martina. Eit par gonger nikka han for seg sjølv, som um han sa seg samd i noko han tenkte paa.

So sputta han: Det slaar aldri feil det! sa han. Hu ligna dig!

– Ho var kje heilt med: Hvem? spurde ho.

– Kjæresten min! svara han. Hu Ragnhild! Hu som daua!

Han gjekk burt til henne og tok ho i handa: Skal vi vera venner, Martina? bad han. Ho reiste seg og vilde gaa. Er vi 'ke venner da? sa ho. Ikke an't jeg veit, saa er vi det!

Han riste paa hovude. Ikke rekti, sa han. Kan 'ke du komma og sitta hos mig ei stønn om eftan! bad han. Jeg har ingen aa prate med. Jeg taaler ikke dissa andre kvinnfolka! Ho drog seg til dørs: Det gaar vel ikke an! sa ho. Jeg tør nok ikke det, for dom andre. –

Han Knut med knea seg ikkje: Bry dig ikke om dom! svara han. Dom sat her gjerne hele eftan dom, om dom fikk lov. Men jeg jagar dom saa fort dom kommer, trolla! Dom har prøvd aa henge etter mig alle, men ^[113] jeg har vist dom vinterveien. Derfor er dom gærne paa mig naa, og sladrer hver gang dom ser mig full. Og naa kommer dom til aa bli leie mot dig, for det jeg prater med dig. Men bry dig ikke om det du, Martina! Bare kom i morra efta! –

– – Ja, han Knut med knea kjende nok folka sine! Daa ho Martina kom inn, var det ingen som saag paa ho, og sa ho eit ord, fekk ho ikkje svar.

Gamle Stina var den einaste som det var mæle i. Ho laag i senga si og smaaprata: Mannfolk! sa ho. Mannfolka er falige! Pass dig, saa du ikke faller, gjenta mi. For det gjorde jeg. –

IV.

Martina lika seg ikkje. Det var uhyggjelegt, slik det var no. Dei andre gjekk undan henne, og sat dei i rome ved sida med kaffien, let dei att døra, for at dei skulde faa vera aaleine. – Um det so var ho gamle Stina, prøvde ho halde seg undan. Men daa ho laut halde senga, hadde ho ingen annan maate aa syne

furtinga si paa anna ho snudde seg til veggen, og *det* gjorde ho.

Men naar ho Martina daa sette seg paa sengkanten hennar og tok til aa smaarøde, ^[114]kunde ho ikkje berge seg lenger. Daa snudde ho seg mot henne att. Saa baan! sa ho. Ver snild naa, saa skal vi gaa i byen du og jeg, bare jeg blir ferdig! Ho strauk hendene nedover sengteppe: Det gaar 'ke an aa ligge slik og dra sig! jamra ho. Jeg har saa mye jeg skal ha gjort til han Hans kommer hjem til middag!

Daa smilte ho Martina. Stakkars gamla! sa ho for seg sjølv. Hu tøyser om mannen som daua for tredve aar sia. Det er synd paa henne. Hu skal faa en stor kopp sterk kaffi. –

– Det var ein dag over middagen. Ute regnde det so det hylja, og vere var tungt og graatt. Dei seks sengene var upptekne alle. Dei gamle kvilde etter maten. Martina laag i ein halvdøs og slost med flugune som var so leie i dag, og ho drog lakene over hovude for aa laa fred, og det hjelpte. Regndropane som slo mot rutune, var den einaste lyden ho hørde. Men den lyden uroa ikkje. Var berre so koseleg aa høyre paa. Og ho var so trøytt. –

– Ein time seinare vakna ho og reiste seg i senga. Nei, dei andre sov enno. Kunde dorme litt til, ho og. Daa kom ho til aa slengje augo burt paa borde, og ho vart heilt vaki. Det laag eit brev der, og ho greip det. Til Martina Larsen, stod der. Ho reiv ei naal ^[115]or haare og skar upp umslage, og ho las. Ho stava seg fram det beste ho kunde, men vart meir og meir ulukkeleg di lenger ho naadde. Aa herregud! Ho forstod ingenting! Berre underskrifta forstod ho: Din dyrebare søn Even Martinsen. Men det var litt det og, det var daa so mykje at ho lyste av glede, det var daa so pass at ho nesta hendene og sa takk og lov i himlens rike! –

Nei, det var kje so lite likevel! Ho laut fortelja det til einkvar. Men dei sov so fast alle. At dei ikkje kunde vakne ein gong! Ho opna døra og gjekk gjennom den lange gangen. Vilde ut paa kjøkene og syne det fram til gjentune, um dei kunde tyde det for henne. Dei lærer so mykje ungdomen no!

Ho stanar utanfor døra og steller litt paa seg. Daa kjem det ein gneldrande laatt der innefraa. Hæ, hæ, hæ! let det. Se paa han Knut med knea, aassen han staar i skjuldøra og venter, gjente! Jøss, han huker i knea av lengsel etter kjæresten! Gud bære henne, faar dom andre greie paa at han prater med henne.

–

– Martina gjekk *ikkje* inn. Ho stal seg attende den vegen ho var komi. Og ho sette seg paa sengkanten og prøvde endaa ein gong aa stava seg igjenom breve. Men det var berre eitt og anna orde ho kjende. Resten var paa eit framandt maal. Hadde ho berre visst um ^[116]nokon som kunde hjelpe, nokon som hadde lært litt! Kanskje ein sjømann. – Ho kvakk til ved tanken. Kom til aa minnast ein handbak med blaa teikningar og eit vedskjul. –

– Straks etter sit ho der ute.

Han Knut med knea er i godlag i dag og syng i takt med øksehogga. Kan du den? seier han. Men nei, ho kan ingenting. Ho har noko som ligg og brenn innpaa bryste, og det eig alle hennar tankar.

Men han Knut smiler og blinkar. Det er rimeligt, at du ikke kan *den*, seier han. For den er engelsk. –

Daa faar han eit brev stikkande i labben. Og han blir sitjande dum. Til mig? spør han Ho er utolsam: Det er mitt! seier ho. Les det for mig, du som er saa flink i utenlandsk! Knut ser paa frimerke. Fra Amerika, seier han. Du lurar ikke mig! – Han legg øksa vekk og finn brillune: Vent naa, Martina! Vent naa, skal vi se. –

Martina sit i spaning og ventar paa gamlingen som gir seg so god tid. Ho er nære paa aa seia at han treng kje pusse slik paa brilleglasa, for han ser likevel. Og ikkje tarv han snu so lenge for aa finne opninga paa konvolutten. Men der har han endeleg tak i papire, og no byner han aa lesa. Ho fylgjer lippune hans, der han arbeider seg igjenom ^[117]orda. Det gaar kje so fælände fort, det er ei urimeleg lang tid han brukar paa kvart orde. Men ho held seg med tolmod til ho kan sjaa han er ferdig. Daa greider ho det ikkje lenger: Forstaar du det? spør ho.

Han ser klok ut: Det er engelsk, seier han. Vil du jeg skal lesa det for dig? Ho flyt seg nærare innaat han: Fort dig! bed ho. Fort dig, før noen kommer! Og Knut med knea tar til aa lesa høgt:

Dir moder. Ai will naa kom bæk tu Norwei. Amerika is et lusekøntri som naabaaddi skulde gaa tu. If ai faar teim ai sjell sende ju et nytt letter. If ai ikke faar teim tu reit, saa veit ju at ai er koming snart. Det sjell bi liddeli leven tu si ju. Tenk om ju kudd møte mi paa piren. Det sjudd vera moro. Din dyrebare søn Even Martinsen.

Martina hadde nesta hendene. Det var som ho sat i kyrkje. Og det var liksom

ho vakna etter ei preike, daa han Knut var ferdig. – Ho tykte han hadde myrkna til ettersom han las, som um det var leie ting han stava seg igjennom.

Forstod du det? spurde han og flidde breve til henne.

[118] Men nei, ho hadde ingenting forstaatt. Han reiste seg og sette øksa hardt i stabben. Fanken! svor han. Slik er det med noen! – Du faar fremmen, Martina! Sønn' din kommer! Det er inga sak aa vera dig!

Han skumpa seg framum henne mot døra. Du maa lette paa dig! sa han. Jeg vil 'ke hogge mer i dag.

Ho lest kje høyre paa dette: Kommer sønn' min, Knut? Er det sant?

Han famla med dørlaasen. Aa sant det er, veit jeg ikke, beit han. Men han ber dig møte paa brygga.

Han venta ho skulde fara upp og bli styren av glede no, men ho tok det kje slik. Ho fall reint saman der inne paa kubben, gleda tok reint magta fraa ho. Og han Knut hadde gjerne gaatt inn og trøysta, hadde det kje vore for det at han sjølv var so lei seg. –

Han gjekk heller burt og sette seg paa steintrappa.

Men han fekk kje sitja i fred lenge. Ho Martina kom ruslande etter. Taarune laag enno i augo og gjorde dei blanke, men paa kinnene var dei burtturka: Aassen stod det i breve? spurde ho. Les det for mig, saa jeg skjønner det, Knut! Aa herregud gjør det, er du rekti snild! –

Og det fanst kje veg utanum. Han laut til att; og han sette um so godt han kunde. [119] – Det blei ei togn. Kvar tenkte sitt. Han Knut var den som fyrst tala: Slik er det støtt! sa han. En skal 'ke ha det for hyggelig her i verda, maatru!

Tankane hennar var langt derifraa, so ho svara ikkje. Og han Knut laut til med meir: Aa vil du gjøra naa, naar han kommer? spurde han.

Ho stirde lukkeleg framfor seg: Gjøra? spurde ho. Jeg vil møte 'n, vil jeg. Han sier jo det! – Aa tid kommer baaten?

Men seinere? fræste han. Aa vil du gjøra seinere, naar han er kommen?

Ho saag paa han som um ho undra seg over eit slikt spursmaal: Seinere! svara ho. Da skal jeg bu hos han da, skjønner du vel. Han tar mig jo til sig, han. –

Han Knut reiste seg: Men jeg da, Martina? Aa vil du gjøra med mig?

Ho forstod kje dette. Han Knut var so rar no. Han hogg so fort med augneloka

og skalv slik kring munnen. Og han var so elendig bleik.

Skal jeg vera att her jeg? heldt han fram. Skal jeg bu hos dissa elendige trollkjerringene helt til jeg dauer jeg, syns du? Nei, saa gu om jeg gjør, naa veit du det!

– Ho stod upp, ho og: Aa kan jeg stakkaren gjøra? spurde ho.

Han trampa i bakken: Hold kjeft! sa ^[120]han. Jeg har 'ke bedt dig om noe! Men det sier jeg at reiser du herfra, saa veit jeg aa jeg gjør. Da blir det farvel med verda, saa vidt du veit det!

– Han snudde braatt um og smaasprang mot skjule og slo døra hardt att etter seg. Men dagen etter kom han burt til henne daa ho stod uti solveggen og kosa seg: Bli med inn i vedskjule, bad han. Jeg har noe aa si dig.

Ho fylgde. Han saag løyndomsfull ut no og var so laagmælt: I morra kommer amerikabaaten! kviskra han. Jeg har set det i blade. Ho heldt paa aa skrike til, men han greip henne over armen: Pass dig gjente! hysja han. Tenk om dom hørte dig!

Ho vreid seg laus: Jeg er 'ke rædd dom! sa ho. I morra er jeg hos sønn' min! Han riste paa hovude: Du glømmer «Roligheta», Martina! Den som er kommen hit, slepper aldri ut att!

Men jeg rømmer! skreik ho. Ho brydde seg kje um det vitskræmde andlite hans Knut, ho var modig i dag, ho Martina: Jeg flyger til sønn' min jeg, og da kan ingen naa mig!

Han Knut drog døra inntil: Hysj, menneske! Bare røm du, saa faar du se aa langt du kommer. Veit du aa amerikabaaten legger til henne? Der ser du! Og saa maa du spørre ^[121]dig fram, og saa har dom dig med en gang. Nei, gjenta mi! Det gaar 'ke saa glatt. – Ho tok til aa skyne at ho bar seg toskut aat, og ho snufsa: Aa skal jeg gjøra? spurde ho. Hjelp mig Knut, du som er saa klok!

Han tala trøystande til henne so ho fall til ro: Ja, Martina, jeg skal hjelpe dig! Jeg rømmer med dig, du! Han knytte nevane mot huse og fræste: Saa kan dom ha det saa godt dom der inne! Jeg gaar 'ke her og sliter mig ut lenger!

– Ho vart mest rædd han Knut no, slik han stod og hytta og svor: Men aa skal du gjøra av dig siden? fekk ho fram. Du maa da ha no aa leva av!

– Han visste raad: Sønn' din gir mig nok arbe'! sa han. Han maa vel takke

mig saa pass for at jeg hjelper mor hans! Martina lyste upp av glede: Der gaar han vekk fra plassen sin for aa føre mig til sønn' min! Jøss, saa snild han kan vera! – Men han skulde 'ke gjøra det for ingenting! Hu skulde gjøra det hu kunde for han! Hu skulde tigge sønn' sin om et godt arbe' til han, skulde hu. For han hadde vel magt til det han, som var slik en kar! Han kom nok ikke tomhendt hjem etter saa mange aar. –

Ho gav han Knut handa: Takk da! sa ho. Aa tid skal vi fara, syns du? ^[122] Han klemde godt til. I natt drar vil kviskra han. I natt drar vi, gjenta mi! Du faar møte mig litt seinere i kveld. –

V.

Klokka gjekk til fire morgonen etter.

Paa ein benk ved brygga sat han Knut og ho Martina.

Han Knut hadde lagt seg bakover paa benken. Trøya hadde han knept godt att, jakkekragen var oppbretta, og hendene var stukne djupt i lummene. Og han snurka med open munn.

Men ho Martina var vaki. Stirde utover sjøen med dei svevtunge, stive augo. Det var kaldt no i solrenninga, ho hutra og fraus, og det kunde vore godt aa faa gøymt andlite i sjale. Men ho gjorde det ikkje, maatte kje bli trøytt, for ho hadde kje stunder til aa sova.

At det ikkje snart vart morgon. Her laag det baat ved baat heile brygga utetter, men ikkje eit menneskje aa sjaa. Det rauk kje fraa nokor pipe, alt sov. Um det so var sjøen so laag han still, utan ein sprekk i den blanke spegjelen.

Ho er nære paa aa dorme her i stilla. Daa skvett ho til og reiser seg. Der utanfraa ^[123] kjem eit langt, grovt yl. Det skjer so sterkt gjennom nattelufta som um det skulde koma fraa øya like der burte.

Ho ruskar i han Knut: Opp! seier ho. Baaten kommer!

– Han skubbar seg. He! grin han. Er klokka saa mange? Men han faar daa augo upp, og han ser seg umkring og hugsar kvar han er. Baaten? spør han. Jeg ser ingen baat, jeg!

Men ho Martina peikar mot øya: Han er bak der! seier ho. Jeg hørte 'n naa! Og dei staar baae og ser utover.

Daa læt det eit nytt yl gjenom stilla, og fram bak øya skjer seg smaatt ein myrkgrøn vegg med sjøen i kvitt skum fyre seg. Og veggen blir lengre og lengre, og ein gloraud skorstein vert synberr.

Daa staar han Knut og verar mot skipe. Han fyller det gamle, flate bryste sitt med frisk sjøluft, og augo lyser. Det stig minne um farne glade dagar fram for han. En fin rugg! seier han. Se aa vakkert han svinger!

Men ho Martina ser ikkje paa slikt. Ho retter berre armane ut mot skipe: Aa gutten min! hikstar ho. Velsigna gutten min! –

Ho snur seg mot han Knut: Saa smaatt det gaar! klagar ho seg. Kan dom ikke skynte sig litt?

^[124]Han Knut triv ho i handa og dreg henne med seg: Skynt dig og kom, Martina! Han svinger inn til den andre brygga!

– Dei har stelt seg paa kvar si side av landgangen. Baaten er full av ferdafolk, og dei trengjer paa for aa koma fort i land. Men ikkje *ein* av dei trør paa bryggesteinen utan aa vera set over av to gamle, granskande kvendeaugo.

Men for kvar som stig i land vert desse augo tungare og meir hjelpelause, og daa det ser ut til aa vera slutt med ferdsla, søkjer dei burt til han som staar rett imot og vaktar. –

Han Knut likar seg ikkje no. Men det kan kje vera meining i aa syne fram vonløysa i til ho som staar der og liksom bed han hjelpe, han faar prøve setja mod i henne: Han kan komma ennaa, seier han. Vi faar vente ei stønn til!

– Og dei ventar. Ventar til alle er komne i land og køyrde burt. Ventar til det vert ro umbord paa skipe.

Men daa forstaar dei at det ikkje nyttar lenger, og dei gaar innover brygga. Tagalle. Tunge. Gamle. –

Dei set seg paa ei kasse under eit regntak paa brygga, og dei breider ein hard presenning kring seg. Og no har ho Martina ingenting aa stire utover sjøen etter, ho kan gøyme seg vel inn i sjale, ho kan røme fraa ^[125]i alle sorger i denne verda, ho kan lata att augo. –

Men det blir nok inga ro no heller. Ho har so vidt sett seg godt til rette og faatt litt nasevarme, daa eit hugskot vekkjer henne. Og ho kryp fram fraa sjale og gjer seg laus fraa presenningen. Knut! seier ho. Knut er du vaaken?

Han Knut sit og søv med ei slokna kritpipe millom lippune, men han vaknar snart, daa ho rister i han. Aa er det naa? grin han. La mig blunde litt naa, Martina!

Men ho gir seg ikkje: Tenk om det ikke er den rette, Knut! Tenk om det ikke er amerikabaaten!

Han sputtar arg. Trur du 'ke jeg har greie paa slikt, jeg som er gammal sjømann? seier han. Bare stol paa mig du mor, og set dig til aa sova!

Men ho har faatt ei von i seg som gjer henne ustyrlig. Ho skundar seg tilbake mot skipe, ho kliv upp landgangen og ho talar til den ho fyrst møter. –

– Han Knut er langt inn i drøymelande, daa ho riv han til jorda att: Fanken at en stakkar ikke skal faa dorme ei lita stønn! seier han. Hadde jeg visst detta, skulde du aldri faatt mig med dig!

Men ho Martina bryr seg ikkje um grine hans no. Ho er so glad og straalande. Denna ^[126]baaten er fra Hamburg! seier ho. Amerkabaaten kommer ikke før ut paa kvelden. –

VI.

Det var ein lang dag og ein lang kveld fyrr baaten kom. Og endaa lenger vart tida etter han var komen. For han Even var kje med. –

– Dei drog seg gjennom gatune. Han Knut gjekk fyre. Det var kje raad aa gaa saman med henne, for ho skulde kvile paa alle dei butikk-trapper ho saag. Og ikkje var det moro heller, aa gaa ved sida av eit kvinnfolk som tuta og graat.

Han snudde seg uppi ei gate. Det var kje verdt aa gaa reint *fraa* henne heller, framand som ho var. – Men so tok han til aa smaabanne: Forsyne mig, drog hu 'ke naa nedover mot brygga igjen!

Han skunda seg etter og naadde henne att: Aa tenker du paa, menneske! spurde han. Vi skal da 'ke den veien!

Ho prøvde slite seg laus: Tenk om det kom flere baater, Knut! Og tenk om han Even kom, og jeg ikke møtte 'n!

Han drog henne med seg, og no var han ikkje blid: Du tøyser! sa han. Du hørte ^[127]dom sa det var aatte dager til neste baat! Vi faar finne vors i aa vente!

Ho fylgde med, sutrande: Vente, Knut? Vente her paa gata?

Han Knut rette seg litt og vart liksom sterkare og yngre i maale: Det kunde 'ke falle mig inn aa la dig gaa ute ei natt til! sa han. Jeg har nok ei anna raad!

– Ho saag ut som ho vilde røme att: Mener du aa dra mig tilbake til «Roligheta»? spurde ho.

Han Knut vaks enno litt der han stod: Nei, Martina! sa han. Jeg mente 'ke det

– Han stakk handa høgtidsamt ned i lumma og drog fram ein gamal skinnpung. Og han opna han og fann upp ein liten gul setel: Ser du den! kytte han. Ti kroner, Martina! Saa lenge det er att no av den, skal du sleppe aa se «Roligheta»!

Ho klemde den grove handa hans millom baae sine. Saa snild du er, Knut! fekk ho sovidt fram. Saa velsigna snild du er!

Men han Knut tok paa aa gaa att. Vi skal faa oss losji ned ved brygga, sa han. Saa kan du se ut mot sjøen, og saa er det 'ke lang veien. –

Og dei rusla av stad, og no slapp han vente, for no fylgde ho han i hælane. –

– – Men formiddagen etter gjekk han Knut ^[128]att og fram i eit lite rom og var sint. At hu ikke straks vaakner! sa han. Men hu er vel fælt trøtt, stakkar! For hu har visst staatt i vindue og set mot sjøen i hele natt. –

– – – –

Aatte dagar seinare.

Han Knut med knea og ho Martina staar i eit portrom og hutrar. Det regner. Alt er so evig trist og graatt. Han Knut gaar att og fram med hendene i lumma. Fine greier! grin han. Nydelige greier! Han steller seg framfor henne: Aa gjor vi naa, Martina? Kan du fortelle mig aa vi skal gjøra naa? – Jeg veit ikke aa vi skal finne paa jeg, Knut! Jeg orker ikke tenke!

Han Knut lær gjonande: Du orker aldri tenke du! seier han. Hadde du *det* orka, stod vi ikke her naa, sultne og gjennomblaute.

– Men det var da 'ke mig som fann paa at vi skulde rømme, Knut?

Det kjem so uendeleg spakt og fatigt dette: men han Knut har kje hug til aa vera blauthjarta no: Var det 'ke *dig*, seier du? Nei, naa maa jeg le! Detta var morosamt!

Hvem var det som fikk brev fra sønn' sin i Amerka, maa jeg spørre? Hvem var

det som var lei sig i «Roligheta»? Jeg hadde en god plass, jeg, og tjente penger saa jeg greidde mig. Og jeg raadde mig sjøl og kunde gaa naar jeg vilde og komma naar jeg vilde, saa jeg hadde ^[129]aldri reist, hvissom ikke du hadde narra mig! – Ho Martina seier ikkje imot. Det er likt til at ho har høyrte dette fyrr.

Det er ellers en nydelig søn du har! driv han paa. Her faar han to gamle mennesker til aa stikke fra hjemme sitt for aa møte paa brygga – og saa kommer 'n ikke! Han skulde ha straff, skulde han!

– Men han visste jo ikke om aassen jeg hadde det, Knut!

– Han visste vel aa gammal mor hans var, tøysa! Han visste vel det, at naar du ikke orka arbe' lenger, saa blei det «Roligheta»! Og han visste vel det, at jeg vilde 'ke la dig gaa aaleine, naar du skulde møte 'n!

– Men han har da aldri set dig eller hørt et ord om dig, Knut! Saa det var han da fri for!

Han Knut trampar i portgolve: Gjør 'ke narr av mig, kjerring! Staar du og flirer, saa gaar jeg fra dig!

– Nei, du maa 'ke gaa, Knut! Velsigne dig Knut, gaa ikke! – Og straks etter kjem det: Jeg er saa sulten Knut!

Han tar seg eit nytt skraa: Tygg tobakk seier han. Saa kjenner du det ikke! – Dei teier ei stund. Staar og tenker paa dei siste dagane: Kvar morgon hadde dei lote ut fraa hotelle, der dei leigde seg inn for nætene. Og so var det aa drive gjennom gatune, ^[130]time etter time. Eller sitja ned ved brygga og stire utover fjorden. Dei hadde spart og drygt for aa faa dei faa kronene til aa rekke. Heilt til i gaarkveld. Men daa hadde han Knut slaatt seg reint laus og rive i kveldsmat so dei aat seg gode og mette. Ja, ei ølflaske hadde han endaatil kjøpt seg. For dette var siste kvelden! –

Og tidleg, tidleg i dag hadde dei vore paa beina og skunda seg paa brygga paa fastande hjarta. Og baaten var komen. – Men han dei venta, var ikkje med. –

– – Ja, herregud, her stod dei! No fanst det ikkje raad lenger! Dei kunde legge seg til aa krepere. Likso godt fyrst som sist. – Ho Martina var so like sæl at ingenting skilde henne lenger. Ho sette seg platt ned i porten og ansa ikkje folk som gjekk framum. Og brydde seg ikkje um at han Knut var sint. Han fekk i Guds namn bruke kjeft! Ho høyrde gudskjelov ikkje kva han sa. For ho var so inderleg, inderleg trøytt. –

Men han Knut gjekk att og fram i porten som ein rev' i bur. Togg tobakk og sputta. Bruka munn og svor. Men han gav seg til slutt med det, daa han saag det ikkje nytta. Han tok i staden til aa fundere.

Og det var klokt av han. For no fann han utveg.

Han tok ho Martina under baae armane ^[131]og prøvde lyfte henne: Hei, gjente! sa han. Opp med dig, gamla! Naa veit jeg aa vi gjør! – Ho vakna og vart undri over kor mykje blidare han saag ut no. Jøssenamn aa er det, Knut? spurde ho. Er 'n kommen?

Jeg blaaser i aa n er! svara han. Vi skal greie vors sjøl, gjente! Svint dig aa kom naa, saa gaar vi opp til fabriikken ved brua. Der spør jeg etter arbe', for der tar dom stadig folk.

VII.

Martina staar uppved brua og ventar. Klokka er straks seks. Ho har gaatt her og verka sidan ved firetida, daa han Knut drog burt til fabriikken. Han hadde lova aa vera snar, men var kje komen enno. Gud veit kva det kunde vera i vegen! – Det tar til aa ule derburte. Og portane vert opna, og folkestimen velter ut. Ho Martina gaar litt til sides, vil kje staa like i syne paa folk, um ho skulde raake kjende. –

Men Gud veit kvar han Knut har tat vegen!

Ho kjem inn i ei sidegate og ruslar vidare burtigjenom. Det er betre aa leda litt paa seg en aa staa stille. Rett nok veit ho ikkje kvar ho skal av, men det kan kje nytte aa gi seg til ^[132]aa staa dernede heller. Ho kan likso gjerne kreka i veg. Det blir henne det same. – Ho er komi upp i ei gate med smaa hus, daa ho stanar med eitt. Det vesle graa huse der, det kjenner ho! Det maa ho ikkje gaa framum! Ho maa snu no, maa røme fraa dette!

Men ho kan ikkje springe fort nok. Ho høyrer røyster innanfor vindaugo, og ho er kje langt komi daa ho kjenner eit fast grip i kvar arm. Daa eig ho ikkje vilje lenger. Og ho let dei to kjøkengjentune leie seg inn porten til «Roligheta». –

– Ho ser seg ikkje um daa ho gaar gjennom rome burt til senga si. Ho vil legge seg med same. Men paa borde ligg eit brev som ho riv til seg fort. Det er breve fraa sonen, det breve som har narra henne ut paa vidaatta. Ho hadde gløymt det

daa ho drog. No stikk ho det inn paa barmen og byner klæ av seg. Det skulde gjera godt aa faa kvile no! Berre ingen tala til ho! Berre ho fekk ligge i fred!

Med det faar ho ikkje. Kjøkengjenta kjem inn, berande paa ein bolle med rykande velling. Ho set seg paa sengkanten og ruskar i henne som har breidd seg so godt ned:

Naa skal du faa i dig detta! seier ho. Du vil bli god og varm av det.

Og ho Martina kan ikkje staa imot freistinga. ^[133] Ho *lyt* smaka paa maten. – Og det er kje lenge fyrr bollen er tom.

Ho takkar daa ho er ferdig, og legg seg att. Ho kjenner slik ei takksemnd for kvar stund som gaar, utan at nokon spør. Og ho let att ango. –

Men gjenta sit paa sengekanten og smiler. So seier ho braatt: Du treffe 'ke sønn' din, Martina?

Ho Martina stirer paa henne, ulukkeleg: *Veit* du det? spør ho. Gjenta nikkar: Bestyrerinna leste breve, fortel ho. Maatte da faa greie paa aa' du hadde gjort av dig. Ellers har vi naa snakka med han Knut ogsaa!

Han Knut? Ho Martina reiser seg i senga. Er *han* her?

– Hører du ikke han hogger derute? svarar gjenta. Han kom for et par timer sia. Men legg dig til aa sova naa! Imorra har du no' godt ivente!

Men ho Martina har kje tid til aa vente paa morgondagen. Ho grev og spør, og til slutt *lyt* gjenta ut med det ho *veit*.

– Det er berre det, at i dag har det vore ein mann og spurt etter ho Martina. Han vart svært lei seg, da han ikkje treffe henne; men han lova paa at ho nok skulde finnast, so sant ho var i live.

– Forresten skulde han koma att i morgo. Han hadde visst god raad, for han var svingande ^[134] flott klædd. Og snild var han visst og, for han spandera kveitebollar og sjokolade paa heile «Roligheta».

Men han var visst ikkje her fraa byen. Han tala so rart. Braut liksom paa utanlandsk. Var visst amerikanar. –

Noter:

[n1.](#) hennar] *rettet fra:* henhar

[n2](#). *Forfatternote*: I Kristiania ringjer kyrkjeklokkune ungane inn um kvelden.

Oskar Braatens *Lilje Gunda og andre forteljingar* er lastet ned gratis fra bokselskap.no